



Fylkesmennene i Sogn og Fjordane,  
Hordaland og Buskerud

# Forvaltningsplan for Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde





## Forord

Forvaltningsplanen for Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde har blitt til gjennom ein lang og grundig prosess. Ei rekkje aktørar med interesse i områda har vore involverte gjennom folkemøter, temamøter og høyringar.

Fylkesmannen i Buskerud har hatt hovudansvaret for utarbeiding av planen, men arbeidet har skjedd i nært samarbeid med fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane. Prosjektansvarleg hos Fylkesmannen i Buskerud har vore Eldfrid Engen. Hallvard Lilleslett frå Hovet har vore leigd inn som konsulent, og har stått for mykje av arbeidet med høyringsutkastet til planen. Trine Nordli hos Fylkesmannen i Buskerud har slutført planarbeidet, med høyring og oppsummering.

Utkastet til forvaltningsplan har vore hos Direktoratet for naturforvaltning til fagleg gjennomgang sommaren 2007, og blei send på høyring blant grunneigare, lokale lag og foreiningar, organisasjonar, og andre med interesse i områda vinteren 07/08. Det kom inn 31 uttaler i høyringa, og desse er samanfatta og kommentert av fylkesmennene i eit eige dokument. Planen blei send over til Direktoratet for naturforvaltning (DN) for endeleg godkjenning 22. desember 2008, og vart godkjent i brev frå DN 28. august 2009.

Juni 2010

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Terje Aasen  
fylkesmiljøvernssjef  
Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Buskerud

Besøksadresse:  
Drammen  
Grønland 32

Postadresse:  
Postboks 1604  
3007 Drammen

Telefon: 32 26 66 00

E-post: [postmottak@fmbu.no](mailto:postmottak@fmbu.no)  
Internett: [www.fmbu.no](http://www.fmbu.no)

Forsidefoto: Aurland naturverkstad, Olav Strand, Per Aksel Knutsen, Ida Jarnæs

ISBN 978-82-7426-279-9

Øivind Holm  
avdelingsdirektør  
Fylkesmannen i Buskerud

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>5</b>
<b>2. Presentasjon av verneområda</b>	<b>9</b>
2.1 Skildring	9
2.2 Natur- og kulturgrunnlag	10
2.3 Strategiar for forvaltninga	15
<b>3. Brukarinteresser</b>	<b>17</b>
3.1 Landbruk	17
3.2 Friluftsliv	19
3.3 Jakt og fiske	28
3.4 Forsking	29
3.5 Motorisert ferdsle	31
3.6 Bygningar og andre anlegg	38
3.7 Kraftanlegg og andre tekniske inngrep	40
3.8 Reiseliv	42
3.9 Forureining, avfall og støy	45
<b>4. Forvaltning og oppsyn</b>	<b>46</b>
4.1 Forvaltning	46
4.2 Oppsyn	46
<b>5. Tiltak og økonomi</b>	<b>50</b>
<b>6. Litteratur</b>	<b>52</b>
<b>7. Vedlegg</b>	<b>55</b>

# 1. Innleiing

Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 22. desember 2006. Nasjonalparken ligg i Hol kommune i Buskerud fylke, Ulvik herad i Hordaland fylke og Aurland kommune i Sogn og Fjordane fylke og har eit areal på omlag 450 km<sup>2</sup>. Biotopvernområdet ligg i Ulvik herad i Hordaland fylke og har eit areal på 6,7 km<sup>2</sup>. 49% av nasjonalparken er statsgrunn, medan resten er privat eller kommunal grunn. Biotopvernområdet ligg i sin heilskap på statsgrunn.

Nasjonalparken vart offisielt opna i august 2008 med eit stort arrangement ved Sandalsnuten. Både statsministeren og miljøvernministeren var til stades ved opninga.

Allereie i 1986 vart det gjort framlegg om at Hallingskarvet skulle vernast som nasjonalpark, gjennom *NOU 1986:13 Ny landsplan for nasjonalparker*. På grunnlag av denne laga Regjeringa St. meld nr. 62 (1991-1992 *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*). Der vart det bestemt at det skulle arbeidast vidare med framlegg om vern av Hallingskarvet, og dette vart stadfesta da Stortinget handsama nasjonalparkmeldinga,

*Innst. S. nr. 124 (1992 – 1993) om Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge.*

Arbeidet med forvaltningsplanen har gått føre seg samstundes med verneplanarbeidet. Retningsliner for forvaltning av verneområda, som danna grunnlaget for forvaltningsplanen, vart sendt på høyring samstundes med høyringa på verneplanen, 12. juli 2004. Det rådgjevande utvalet for verneplanen handsama retningslinene for forvaltninga ved fleire av sine møte.

Arbeidet med forvaltningsplanen har vorte leia av Fylkesmannen i Buskerud i samarbeid med innleidd konsulent. Det vart halde temamøter med dei ulike interessegruppene i april 2005. Utkast til forvaltningsplan vart oversendt Direktoratet for naturforvaltning (DN) for fagleg gjennomgang sommaren 2007. Forvaltningsplanen vart sendt på høyring vinteren 07/08 til grunneigarar, lokale lag og foreingar, organisasjonar, og andre med interesse i områda, og det kom inn 31 uttaler i høyringa. Desse er samanfatta og kommentert av fylkesmennene. Planen vart endeleg godkjent av DN i august 2009.



*Naturen er mektig i Hallingskarvet. Øvre Hellevatnet med utsyn mot Hellevassfonne og stupa vest for Folarskardet. Foto Aurland naturverkstad*

## Nasjonalparker

Pr 1.1.2007 er om lag 14 % av alt landareal i Noreg verna, og av dette er 8,3 % verna som nasjonalpark. Naturmangfaldlova § 35 heimlar oppretting av nasjonalparker:

Som nasjonalpark kan vernes større naturvernområder som inneholder særegne eller representative økosystemer eller landskap og som er uten tyngre naturinngrep. I nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller kulturminner finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet. Forskriften skal verne landskapet med planter, dyr, geologiske forekomster og kulturminner mot utbygging, anlegg, forurensning og annen aktivitet som kan skade formålet med vernet, og sikre en uforstyrret opplevelse av naturen. Ferdsel til fots i samsvar med friluftslovens regler er tillatt. Slik ferdsel kan bare begrenses eller forbys i avgrensede områder i en nasjonalpark, og bare dersom det er nødvendig for å bevare

planter eller dyr, kulturminner eller geologiske forekomster.

Vern som nasjonalpark inneber eit relativt strengt områdevern. Forbod mot tekniske inngrep er viktig og skal handhevast særstrengt ved eventuelle søknader om dispensasjon.

Motorferdsle skal haldast på eit minimum. Sikring av område for friluftsliv og naturoppleving er eit viktig delmotiv for oppretting av store verneområde. Tradisjonell landbruksdrift vil som hovudregel kunne gå føre seg som før.

## Biotopvernområde

Biotopvernområde blir heimla i naturmangfaldlova § 38:

Som biotopvernområde kan vernes et område som har eller kan få særskilt betyd-

ning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter. Det kan settes forbud mot virksomhet eller ferdsel som kan påvirke eller forstyrre artene eller dens livsbetingelser. Treffes det vedtak om biotopvern som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om biotopvern der bruk er en forutsetning for verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltlementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.

### Forvaltningsplan

Arbeid med forvaltningsplanar er eit prioritert arbeidsområde. Det går fram av naturmangfaldlova § 35, tredje ledd at det i nasjonalparker skal leggjast fram utkast til forvaltningsplan samstundes med vernevedtaket. Desse planane er viktige for å oppnå ei heilskapleg forvaltning av verneområda. Forvaltningsplanar skal lagast etter same mal, men skal tilpassast dei særskilde tilhøva i kvart område.

Ein forvaltningsplan skal vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneformålet. Forvaltningsplanen skal i hovudsak trekkje opp utfyllande retningsliner for forvaltning av verneføresegnene i samsvar med verneformålet. Planen skal gje eit felles grunnlag for utøving av skjønn i sakshandsaminga, og bidra til samordna praksis mellom forvaltningsorgan.

Forvaltningsplanen er utarbeida med heimel i verneføresegnene si § 5. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, men retningsgjevande for forvaltning etter verneføresegnene. Planen skal godkjennast av DN som ansvarleg fagstyresmakt for

forvaltning av nasjonalparker og andre større verneområde. Ein forvaltningsplan skal byggje på verneføresegnene, og kan ikkje gå ut over desse.

Forvaltninga av verneområda skal skje ut i frå ein langsiktig tidshorisont. Ein forvaltningsplan skal reviderast med jamne mellomrom, og skal oppdaterast i høve til nye utfordringar og erfaringar frå den tid forvaltningsplanen har vore verksam. Forvaltningsplanen for Hallingskarvet skal rullerast kvart tiande år, fyrste gong i 2018.

### Anna lovverk som gjeld innanfor verneområda.

Ved sida av verneføresegna gjeld også anna lov- og regelverk i verneområda. Kommunane har forvaltningsmynde etter plan- og bygningslova og lovverk som regulerer vilt- og fiskeforvaltning, forureining, brannvern, motorferdsle i utmark, landbruk med vidare. Fjellstyra har mynde etter fjellova. Fylkeskommunane har mynde i høve til fylkesplanlegging og kulturminneforvaltning. Andre offentlege styresmakter som har oppgåver i verneområda er mattilsyn og politi. Når ulike lover kjem i innbyrdes strid med kvarandre kan det i nokre tilfelle oppstå tvil om kva lov som går føre. Naturmangfaldlova er ei særlov, som innanfor område som blir verna etter lova i hovudsak går framfor plan- og bygningslova, landbrukslovgjevinga, fri-luftslova og motorferdslelova.

Det er og viktig å gjere merksam på at når det gjevast løyve etter verneforskrifta til ulike tiltak vil ikkje dette setje til sides krav om løyve etter anna regelverk som gjeld. Søknader skal handsamas etter dei lovverka dei berørar, så ein må ofte sende søknad til fleire instansar enn vernestyresmaktene. Tiltak i statsålmeningen må ha løyve etter fjellova.



*Nasjonalparken vart opna av statsministeren 9. august 2008. Opningsseremonien gjekk føre seg ved Sandalsnuten og mange folk hadde funne vegen dit i vekslande ver.  
Foto Trond Aalstad*



## 2. Presentasjon av verneområda

### 2.1 Skildring

Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde er oppretta for å gje vern mot inngrep i eit etter måten urørt høgfjellsområde, der sjølv Hallingskarvet og området rundt høyrer saman i ein heilskap.

Formålsparagrafen for Hallingskarvet nasjonalpark lyder:

Formålet med Hallingskarvet nasjonalpark er å bevare eit stort, særmerkt og tilnærma urørt fjellområde slik at landskapet og det biologiske mangfaldet med økosystem, arter og bestandar, mellom anna villrein, blir bevart. Vernet skal sikre eit karakteristisk landskapselement som er viktig for forståinga av den geologiske historia. Ålmenta skal ha høve til friluftsliv og naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Vernet skal sikre verdifulle kulturminner.

Formålsparagrafen for Finse biotopvernområde lyder:

Formålet med Finse biotopvernområde er å sikre eit viktig trekkområde for villrein og binde saman leveområde for villreinen i Hardangervidda og i Nordfjella.

I sjølv høgfjellsområdet, i praksis statsålmenningen, er det liten fare for inngrep sjølv utan vern. I utkanten av verneområda er trugsmåla større, fordi det her er fleire brukarinteresser og områda er lettare tilgjengelege. Utan vern ville her vore fare for inngrep og tap av naturverdiane på grunn av hyttebygging, reiselivsutvikling og kraftutbygging.

Når eit område får status som nasjonalpark, er dette eit stempel på at her finn ein noko av det flottaste av norsk natur, som er viktig å ta vare på for framtida. Nasjonalparkar er ofte eit trekkplaster for turistar, særleg utlendingar, og kan i så måte vere positivt for reiselivsverksemda i nærområda.

På grunn av at Hol kommune har så store areal som er verna som nasjonalpark har kommunen fått status som nasjonalparkkommune. Med denne statusen kan dei bruke nasjonalparkane i sin marknadsføring. Geilo har fått status som nasjonalparklandsby. Dette inneber at tettstaden skal formidle god informasjon om nasjonalparken, vere viktig innfallspørt til nasjonalparken og ha ein plan for stadutvikling der det er sett fokus på miljøomsyn.

Verneområda blir i hovudsak nytta til tradisjonell hausting av naturressursane i form av beiting, jakt og fiske og ymse for-

mer for friluftsliv. Det er bygningar og andre innretningar i verneområda som er knytt til desse brukarinteressane. Omfanget av slike innretningar synest å dekkje behovet og er på eit moderat nivå. Det er ikkje bilvegar i verneområda og nesten all motorferdsle skjer på vinterføre.

Nye, tekniske inngrep er det største trugs-målet mot verneverdiane, og vernet sitt hovudsiktemål er å hindre slike inngrep. Eksisterande bruk av området kan stort sett halde fram, og innretningar og ferdsle knytta til dette blir vurdert å kunne sameinast med verne formålet – likevel med eit mål om at motorferdsla blir redusert til eit minimum.

Verneområda ligg nære store reiselivsdestinasjonar og dette kan føre til ferdsle som er så omfattande og/eller konsentrert at omsynet til verneverdiane krev nærare regulering av ferdsla. Omsynet til villreinen er sentralt her.



*Innover Byrkjedalen med Storeskuta i bakgrunnen. Foto Trine Nordli*

## 2.2 Natur- og kulturgrunnlag

### Landskap og geologi

Hallingskarvet og Finse ligg i overgangen mellom Aust- og Vestlandet, i fjellregionen med høgde mellom 1000 og 1900 m.o.h. Verneområda spenner frå areal med eit vilt og urørd preg i vest, til frodige stølslandskap med ope og rolig preg i øst. Topografien er særst variert, og er samansett av vidder, fjellskrentar, botnar og dalar. Variasjonen gjev grunnlag for eit variert plante- og dyreliv, og for rike naturopplevingar.

Det er fleire store vatn i verneområda. Størst er Flakavatnet nord for Finse. Elvane renn ope i landskapet, med fossar, stryk, stiller og meanderande parti. Tre av vassdraga er verna; Skarvåne, Hivjuåne og Grytå (Lengjedalsvassdraget).

Hallingskarvet er ein særst karakteristisk fjellrygg, 35 km lang og omlag 5 km brei, som er eit resultat av geologiske prosessar som har gått føre seg i meir enn 1,5 milliardar år. Marine avsetningar, fjellkjedefoldingar, forkastingar og fleire istider har skapt den særmerkte og godt kjente profilen. Mot sør dannar Hallingskarvet den velkjende fronten, medan nordsida er meir brote opp, med djupe botnar, stup og rasurer. Aust og sør for Skarvet er viddelandskap dominerande, medan det i vest og nord er kuperte fjellområde.

Berggrunnen i Hallingskarvområdet har ei tredelt oppbygging; undst ligg grunnfjellet, så ligg kambrosilurbergartane (fyllitt) i eit band rundt heile Skarvet og øvst ligg skyvedekket. Det vi oppfattar som sjølv Skarvet er restane etter skyvedekket som står med karakteristiske brattkantar over fyllitten. Årsaka til at det har vorte så steile bergvegger er at fyllitten lett blir grave ut av isbreane, og når det skjer, brekker skyvedekket, som ligg over, og rasar ut. Slik blir det danna store urer.

## Mål og utfordringar

Det er eit mål å bevare det urørte preget på landskapet i verneområda, og sikre områda mot små og store tekniske inngrep. Samstundes er det eit mål å bevare stølslandskapet.

Forvaltninga ser ingen store utfordringar i høve til landskapet i Hallingskarvet på noverande tidspunkt.

## Retningslinjer

Vernet i nasjonalparken og biotopvernområdet skal vere strengt. Det er eit generelt forbod mot inngrep, jf § 3 punkt 1.1. Ein skal vurdere søknader ut i frå om inngrepet er naudsynt for brukarinteressen, og sette dette opp mot kva for ein verknad inngrepet har på landskapet og dei andre verneverdiane. Ein skal vurdere om behovet for inngrepet kan dekkjast på anna måte. Inn-

grepet skal vere så lite som mogleg, og ein skal vurdere om det vil ha andre verknader på landskapet enn dei som følgjer direkte av inngrepet. Ein må og vurdere om godkjenning av inngrepet vil kunne utløyse mange liknande inngrep.

## Klima

Hallingskarvet er vasskiljet mellom Aust- og Vestlandet. Her er ofte raske vêrendringar. Tåka legg seg fort på dei høgaste toppane, og vinden skifter stadig i styrke og retning. Fleire stader i nordvende område ligg det snø heile året. Store delar av området har polarklima (dvs medeltemperatur for varmaste månad er lågare enn +10°C). Temperaturen i lufta kan variere frå -35°C om vinteren til 30°C om sommaren.



*Utsyn over det mektige landskapet i Storekvelve. Foto Aurland Naturverkstad*

## Planteliv

Verneområda ligg i hovudsak i fjellregionen og dekkjer tre vegetasjonssoner. Nordboreal sone går opp til skoggrensa. I Ynglesdalen går fjellbjørkeskogen opp til om lag 1100 moh. Lågalpin sone ligg over skoggrensa, og går så lang opp som det veks blåbær eller krattvegetasjon. Mellom- og høgalpin sone ligg over 1300-1400 moh. I mellomalpin sone dominerer grasheiar og snøleivevegetasjon, medan høgalpin sone manglar eit samanhengande dekke av karplantar.

På toppen av Hallingskarvet er tilhøva så ekstreme at det berre er dei mest hardføre planteartane som kan leve der, som til dømes isssoleie. Det er i områda vest og sør for Skarvet at ein finn dei frodigaste og rikeste områda. På grunn av den næringsrike kalkgrunnen er botanikken rundt Finse særst interessant. På nordsida av Skarvet er jordsmonet i hovudsak dårlegare og fjellvegetasjonen er meir triviell. Men her kan ein og finne mindre område med rik fyllitt i grunnen.



*Bakkesøte ved Finse. Frå plantefotoarkivet til Norsk Botanisk Foreining.*

Det er registrert område med verdifulle naturtypar og fleire særigne artar. Den særskilde floraen finn ein stort sett i kalkrike område. Av verdifulle plantesamfunn er det funne ulike reinrosrabar/reinroseheiar, rabbetusthei, flekkmureharerugeng, rik høgstaudeeng og –kratt, rike snøleier, høgstaude- og lågurtbjørkeskog, bergvegg- og bergsprekkvegetasjon og fleire utformingar av rikmyrer. Følgjande raudlista karplantar og mosar er registrert; tinderubloom, handmarinøkkel, tussemose, småklokkemose, fjellsleivmose, kopperkismose og piggpistremose.

Bakkesøte er ein vanleg art innanfor verneområda, og det er knytt eit særleg forvaltningsansvar til denne arten, sidan den elles er i sterk tilbakegang.

## Mål og utfordringar

Det er eit hovudmål å bevare artsmangfaldet av planter i verneområda. Ein skal ta vare på levedyktige bestandar av dei artane som står på raudlista, samstundes som ein skal bevare typiske og karakteristiske plantesamfunn, både i urørt natur og i kulturpåverka mark.

Førebels er det ikkje eit problem med atgroing av gammal kulturmark, men dette kan bli ei utfordring i framtida. Det er ei utfordring å hindre spreing av frammande artar.



*Reinrose. Frå plantefotoarkivet til Norsk Botanisk Foreining.*

## Retningslinjer

All vegetasjon er freda mot skade og øydelegging, jf § 3 punkt 2.1. Det er ikkje forbod mot å blukke bær og sopp, vanlege planter til eige bruk eller ta trevirke til bålbrekking.

Finseområdet er mykje brukt til botaniske ekskursjonar (skuleelevar og studentar). Det er lov å plukke vanlege plantar (utan å ta rota) til eige herbarium/plantesamling.

Ved alle tiltak skal ein vurdere verknad for artsmangfaldet og særleg viktige eller sjeldne lokalitetar. Det skal ikkje først inn nye plantearter ved revegetering eller torvtekking. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å ta ut torv til bruk på bygningar i nasjonalparken, jf § 3 punkt 1.3 g. Verneføresegnene er ikkje til hinder for at gamle stølsvollar kan haldast opne, dei kan ryddast for tre og kratt, jf § 3 punkt 2.2 e.

## Aktuelle tiltak

Det skal utarbeidast bevaringsmål for dei raudlista artane og for viktige plantesamfunn, og ein plan for forvaltning og overvaking av desse verdiane.

## Dyreliv

Mange av dyreartane ein finn i Hallingskarvområdet er spesialtilpassa fjellartar. Frå villreinen via fjellreven og fjellerka og ned til biller og dei små urinsekta spretthalar, finn me eigenskapar som gjer dyra skapt for livet i eit karrig, vêrhardt landskap. Men ein finn og artar som lever på yttergrensa av sine preferansar.

Hallingskarvet utgjer i dag ein integrert del av Nordfjellareinens leveområde, og det har tidvis vore utveksling med villreinen på Hardangervidda. Omfattande fangstanlegg og buplassar syner at det tidlegare har vore ein langt større villreinbestand enn i dag.

Reinen beiter i dag innanfor verneområda i Hallingskarvet heile året rundt. Areala under sjølve Skarvet er vinterbeiteområde, medan dei øvste botnane har gode sommarbeiter. Tidlegare har reinen kalva i desse områda, men i dag skjer dette særst sjeldan.

Ein særskild verdi i området er den vesle fjellrevbestanden i grenseområda mellom Ulvik, Hol og Aurland.

I fjellbjørkeskogen i Ynglesdalen finn ein elg og hjort. Jerven har etablert seg i fjellområda nord for Hallingskarvet, og nyttar verneområda i aukande grad. Og ein finn dei meir vanlege pattedyra, som hare, raudrev, røyskatt, snømus samt smågnagarar, med lemmen og fjellrotte som dei viktigaste.

Bratte stup og bergvegger gjev gode tilhøve for kongeørn og jaktfalk. Områda har rikeleg med fjellrype og noko lirype i utkantane. Fem raudlista ande- og vadefuglar er registrert i verneområda; stjertand (NT<sup>1</sup>), bergand (VU), sjøorre (NT), bruslane (DD) og dobbeltbekkasin (NT).

Nesten alle vatna i området har aure, og i nokre vatn er det røye. På nordsida av Hallingskarvet har ørekyt kome inn i nokre av vassdraga.

Områda rundt Finse har ein særst interessant evertebrat fauna i dei kalkrike og sørvende sidane, og det er mange spesialtilpassa høg fjellsinsekt. Edderkoppdyr, spretthalar, biller og sommerfuglar finn ein mange artar av. Fjellbloddråpesvermaren er ein karkaterart blant sommerfuglane på Finse.

---

<sup>1</sup> Status på raudlista

## Mål og utfordringar

Det er eit hovudmål å bevare mangfaldet av dyreartar i verneområda. Det er vidare eit mål at Hallingskarvområdet skal vere eit godt leveområde for villrein, og ein skal sikre overlevelsen til dei raudlisteartane som lever der.

Det er ei utfordring å oppretthalde tilstrekkelege leveområde for villrein, kor ikkje anna bruk er til ulempe for dyra., og det er ei utfordring å sikre ei god forvaltning av dei andre truga dyreartane.

## Retningslinjer

Dyrelivet er freda mot skade og unødig uroing. Det er forbod mot å setje ut nye dyreartar, jf § 3 punkt 3.1. Jakt og fiske kan gå føre seg etter gjeldande lover.

Ved alle tiltak skal forvaltninga vurdere moglege skadeverknader for artsmangfaldet og særleg viktige eller sjeldne biotopar. Det skal takast særlege omsyn til raudlisteartar.

Det skal takast særleg omsyn til villrein, ved ei streng handheving av verneforskrifta og ved å sette naudsynte vilkår for løyva som gjes. Dei som har mykje transportoppdrag i verneområda bør ha jamnleg kontakt med oppsynet for å halde seg orientert om villreinen i området. Villreinemnda skal uttale seg før det vert fatta vedtak i saker som kan påverke villreinen.



*Villrein i brunst. Foto Per Aksel Knutsen*

## Aktuelle tiltak

Det skal utarbeidast bevaringsmål for villrein, raudlisteartar og andre viktige artar eller biotopar i verneområda, og det skal lagast ein plan for forvaltning og overvaking av desse.

Det skal utarbeidast ein brosjyre om kiting og skisegling i villreinområde. Oppsynet må vere spesielt merksame på ferdsle som kan vere til skade for villreinen.

## Kulturminne

Omkring Hallingskarvet er det ein rekkje kulturminne, frå så langt attende som steinalderen. Det er i dalføra og dei lågast liggjande areala at ein har funne flest kulturminne. Det har vore busetnad i bygdene rundt Hallingskarvet frå gammalt av, og utmarka har alltid vore ein viktig del av næringsgrunnlaget. Ein veit at det har vore fast helårsbusetnad på enkelte plassar i Ynglesdalen og Raggsteindalen på 1700 - 1800-talet. Elles har verneområda hatt størst betydning for seterdrift og beite, og ein finn mange tufter av stølshus. I Hallingskarvområdet finn ein dei høgastliggjande stølane og busetnadene som er kjente i Buskerud.

På 16-, 17-, og 1800-talet gjekk det føre seg stort sal av storfe frå Vestlandet til Austlandet. For at gjetargutane skulle ha ein stad å bu når dei gjette fe i fjellet vart det bygd læger. I dag finnast rester av tre slike på sørsida av Hallingskarvet.

Både på nordsida og sørsida av Hallingskarvet er det gamle ferdsleveggar; sleper. Dagens tursti frå Strandavatnet til Budalen er truleg ei av desse slepene, og historia fortel at den vart brukt av handelskarar frå Vestlandet på veg til marknadsplassen Kaupang øst for Geilo. Andre slike sleper er sambandet mellom Finse og Strandavatnet gjennom Kyrkjedøri, som var ei viktig ferdsleåre mellom Hardanger og Hallingdalen. Stigen frå Geiteryggen vestover til

Hallingskeid er ei anna gammal slepe. Det skal og ha gått driftesleper på sørsida av Hallingskarvet.

Verneområda ber preg av å ha vore gode jaktområde. Det er restar etter fangstgroper fleire stader, og i Urevassbotn ligg truleg eit heilt fangstanlegg.

Ein kan og finne bogastille, som er oppmura skjul for jegerar. Mot midten og slutten av 1800-talet kom utlendingar til den norske fjellheimen for å drive jakt og fiske. Ein engelsk lord og son hans bygde fleire lordehytter, mellom anna Lordehytta som ligg i Folarskardet, og som i dag er sett i stand og blir nytta som nødbu for folk i fjellet.



*Lars Lein framfor Lordehytta i Folarskardet, som han bygde for lord Garvagh i 1880.  
Foto Hol bygdearkiv*

### 2.3 Strategiar for forvaltninga

Forvaltninga av Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde skal ha eit langsiktig perspektiv og skal byggje på føre-var- prinsippet, jf naturmangfaldlova § 9. Det vil seie at når det treffast eit vedtak utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknad det kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentlig skade på naturmangfaldet. Førekjem ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap nyttast som grunngeving for å

utsette eller unnlate å treffe forvaltningsvedtak For å klarleggje slike verknader skal det gjerast vurderingar av konsekvensane av alle irreversible tiltak. Det skal og vurderast om eit vedtak kan gje presedens for liknande saker og kva følgjer det i så fall kan få. Forvaltninga vil arbeide for betre kunnskap om verneverdiane, særleg gjeld dette kulturminna.

Offentlege avgjerd som vedkjem naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggje på vitenskapeleg kunnskap om artane si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknad. Kravet til

kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet, jf naturmangfaldlova § 8. Styresmaktene skal vidare leggje vekt på kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspill med naturen, og som kan bidra til berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet. I tilfelle der verneføresegnene føreset utøving av skjønn når ein skal avvege bruk og vern skal alle vedtak byggest på reelle, faglege vurderingar.

Forvaltningsstyresmaktene skal nytte seg av bevaringsmål for å få ein best mogleg forvaltning. Bevaringsmål definerer den tilstanden ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal vere målbare, det vil seie at dei skal presiserast gjennom mål for areal, naudsynte strukturar/prosessar og/eller førekomst av bestemte artar. Bruk av bevaringsmål vil gje auka fokus på naturkvalitetane, ein meir eintydig forvaltning av verneområda og eit betre grunnlag for å vurdere behov for skjøtsel eller andre naudsynte tiltak for å sikre verneverdiane. Ved å utarbeide bevaringsmål vil ein sikre ei systematisk oppfølging, dokumentasjon og rapportering av tilstanden til naturkvalitetane. Bevaringsmål gjer det mogleg å overvake verneområda på ein heilt anna måte enn i dag.

Forvaltninga skal skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneverdiane. For å unngå konflikthar mellom bruk og vern skal forvaltninga ha ein god dialog med brukarane og arbeide for å finne løysingar som alle kan vere einige om.

Vernet kan med andre ord kombinerast med ymse slags bruk av områda. Dels er dette bruk som stør opp om verneformålet, dels er det bruk som ikkje har negative verknader for vernet – i alle fall ikkje alvorlege og/eller irreversible verknader innanfor det omfanget føresegnene legg opp til. Restriksjonar i bruken av verneområda følgjer av verneføresegnene og forvalt-

ningsplanen. Reglane tillet stort sett vidareføring av tidlegare bruk av området, og er eit resultat av val som er gjort ut frå aktuell kunnskap om bruken, om verneverdiane og om kva konsekvensar bruken har for verneverdiane. Seinare kan ny kunnskap kome til og gje grunnlag for andre vurderingar.

Ein del aktuelle og moglege aktivitetar og tiltak i verneområda synest relativt små og ubetydelege kvar for seg, men kan i sum kome i konflikt med verneformålet. Der forvaltninga må prioritere mellom brukarinteressene, skal bruk som er naudsynt for forvaltning av verneverdiane ha prioritet. Vidare skal aktivitetar som dekkjer dei grunnleggjande behova for godkjente bruksformål ha prioritet føre aktivitetar som går utover dette.

Forvaltninga skal elles prøve å redusere moglege konflikthar med verneformålet ved å prioritere naturvenlege bruksformer føre mindre naturvenlege bruksformer. Aktivitetar som, med om lag same utbytte, kan skje utafør verneområda, skal kanalisert dit.

Som det går fram av verneføresegnene, er nokre bruksformer tillate i medhald av føresegnene medan andre krev løyve. Søknad om løyve må grunngjevast i samsvar med forvaltningsstyresmakta sine krav, og det kan setjast nærare vilkår som sikrar at tiltaket best mogleg kan sameinast med verneformålet. Søkjar skal gjerast merkssam på at brot på vilkåra kan føre til at løyvet blir trekt attende og vidare at forvaltninga kan leggje vekt på slike brot ved handsaming av seinare søknader. Det vises elles til det som seies om løyvekravet til dei ulike bruksformene som blir omtalt seinare i planen.



## 3. Brukarinteresser

### 3.1 Landbruk

Høgda over havet har gjort det lite aktuelt med dyrking innanfor verneområda. Men alt beitbart areal blir nytta til sauebeite, og beitebelegget varierer frå 8,3 sau/km<sup>2</sup> til 45,2 sau/km<sup>2</sup> angjeve på beitelagsnivå for år 2000. Til samanlikning er 25 sau/km<sup>2</sup> angjeve som lågt til middels beitetrykk og 80 sau/km<sup>2</sup> som høgt beitetrykk i eit pågåande beiteforsøk nord for Strandavatnet. Nærare om dette i *Fylkesmannen i Buskerud, miljøvernavdelingen – rapport nr. 10 2003 s. 40-41*. Slik tilhøva er i dag er det ingen konkurranse om beite mellom sau og villrein.

Besetningane er dels innanbygds (33) og dels utanbygds (10) og organisert i ni beitelag. I Raggsteindalen ligg det, like utanfor nasjonalparken, ein fellesstøl for geit, og dyra herfrå beitar noko innover i nasjonalparken. Det er og noko beiting med hest i området ut frå Vestre Raggsteindalen. I tidlegare tider var det stølsdrift med mjølkeproduksjon på stølane i verneområda. Alle stølane er utan vegsamband og det er såleis lite aktuelt at slik stølsdrift blir teke opp att.

Beitedrifta fører med seg nokre tekniske installasjonar, som salteplassar, gjerde, bruer og kortare ledegjerde. Det kan og vere aktuelt å setje opp master for elektriske bjøller. I delar av området er det

kortvarig behov for husvære ved tilsyn og sank. Ved leigd beite får beitebrukarane disponere grunneigars bygningar. Stølsbuene elles i området blir nytta som hytter. Beitedrifta fører med seg noko motorisert ferdsle.

Det er ikkje drivverdig barskog innanfor verneområda, men det er noko bjørkeskog, og det drivast hogst i Ynglesdalen.

Det har opp gjennom åra vore periodar med tamreindrift i Hol kommune, og verneområda har vore nytta som beiteområde. Siste periode med tamreindrift var 1976 – 1982. I dag er det 20-30 rein knytt til drifta av DNT-hytta på Geiteryggen, og desse dyra hender det ein kan treffe på inne i nasjonalparken.

#### Mål og utfordringar

Det er eit mål at Hallingskarv-området skal utnyttast som ein ressurs for landbruket innanfor rammene av verneformålet. Det er lagt til grunn at dagens bruksform skal kunne vidareførast og utviklast i tråd med utviklinga i landbruket, så lenge dette ikkje er i strid med verneformålet.

Det er ønskjeleg at beitebruken skal halde fram i området. Beitebruken er viktig for å sikre bruken av kulturminne, som til dømes stølar og stølsvollar. Beitebruk er og viktig for å hindre gjengroing i verneområda. Dei tekniske innretningane og motor-

ferdsla som følgjer landbruksdrifta blir vurdert som akseptable i høve til verneformålet med dagens bruk.

Ei viktig utfordring for forvaltninga av landbruket i verneområda er å ta omsyn til verneformålet samstundes som landbruksutnyttinga framleis kan skje på ein måte som bidreg til aktive gardsbruk i bygdene kring.

### Retningslinjer

Ut frå verneformålet må forvaltninga leggje ei streng vurdering til grunn ved handsaming av søknader om nye tiltak. Utgangspunktet er at eksisterande tekniske innretningar og motorferdsle er tilpassa dagens behov og i tillegg dekkjer ein viss auke i talet på beitedyr.

Med dei avgrensingane som følgjer nedanfor i høve til nye tiltak for beitebruken, er ikkje vernet til hinder for at grunneigarar i området tek opp att beiting, til dømes med storfe, eller at utanbygds besetningar leiger beite.

#### Saltsteinar

*\* HNP<sup>2</sup> §3 pkt. 1.2c*

Vernet hindrar ikkje utsetting av saltsteinar i automatar til bruk for dette, og dette er generelt tillate. Dette omfattar og utsetting av nye saltsteinsautomatar. Nye automatar skal plasserast slik at slitasje kring desse ikkje blir framtrekande i landskapet.

Naudsynt motorferdsle i samband med slike tiltak krev løyve – sjå nærare i kap. 3.5 om motorferdsle.

#### Gjerde og hegner

*\* HNP §3 pkt. 1.3f, FBVO<sup>3</sup> §3 pkt. 1.3c*

Det er krav om løyve for å setje opp slike innretningar i verneområda. Løyve vil bli gjeve når det ligg føre eit dokumentert be-


hov. Løyvekravet er elles sett for at forvaltninga kan sikre at nærare plassering og utforming er i samsvar med verneformålet. Forvaltninga kan vurdere, og eventuelt setje som vilkår, at mellombelse elektriske gjerde blir nytta i staden for permanent nettinggjerde. Vernet hindrar ikkje oppsetting av kortare, mellombelse ledegjerde ved bruer og klopper. Materialar til slike gjerde kan lagrast på staden, men skal ikkje vere til sjenanse for andre brukarar eller til fare for viltet eller andre husdyr. Det skal sikrast at gjerde har naudsynt passasje for turgåarar.

Det vil bli gjeve løyve til inngjerding av stølsvollar for intensiv beiting, av di dette syter for å oppretthalde vollanes verdi som kulturminne. Søknaden skal ha opplysningar om korleis beitinga skal skje.

#### Radiomaster for elektroniske bjøller

*\* HNP §3 pkt. 1.3i, FBVO §3 pkt. 1.3d*

Slike tiltak krev løyve. Ved vurdering av om løyve skal gjevast, blir det lagt vekt på korleis anlegget blir plassert, høgde på masta, om den er fast eller mobil, og på om etablering og drift fører til motorisert ferdsle, særleg på barmark. Det vil og bli lagt vekt på om teknikken er utprøvd slik at tiltaket er eit reelt hjelpemiddel, og kor stor del av beitebrukarane som vil nytte masta.



*Beitedyra held landskapet i hevd og gjev ei triveleg oppleving for turfokket langs stigen mellom Raggsteindalen og Geiteryggen.*

*Foto Aurland naturverkstad*

<sup>2</sup> Verneføresegna for Hallingskarvet nasjonalpark(HNP)

<sup>3</sup> Verneføresegna for Finse biotopvernområde(FBVO)

Gjetarbuer

Forvaltninga legg til grunn at det aktuelle behovet for slike er dekt med dagens bygningsmasse.

Rydding av gamle stølsvollar

\* HNP §3 pkt. 2.2e

Føresegnene hindrar ikkje rydding av gamle stølsvollar, og til dette arbeidet kan det nyttast motorsag eller ryddingssag. Rydding vil seie å fjerne tre- og buskvegetasjonen og bevare plantedeckket elles. Krattknusing er ikkje tillate.

Vedhogst

\* HNP §3 pkt. 2.3

Verneføresegna legg til grunn at denne verksemda kan halde fram, og forvaltninga kan etter søknad gje løyve til hogst av ved til hytter og stølar i nasjonalparken. Forvaltninga kan setje nærare vilkår om kvar og korleis hogsten skal skje.

Det er berre i Ynglesdalen det er aktuelt å gje løyve til hogst, og her er det bjørk som kan hoggast.

Næringsverksemd – tilleggsnæringer

Det kan drivast næringsverksemd i verneområda så lenge det kan skje utan konflikt med verneføresegnene. Reglane gjev ikkje høve til nybygg, og næringsverksemd må difor skje ut frå eksisterande bygningsmasse. Men føresegnene regulerar ikkje omfanget av bruken av den aktuelle bygningen, såleis kan ei stølsbu takast i bruk til utleige.

**Aktuelle tiltak**

Forvaltninga skal følgje med på utviklinga i beiteområda. Beitepresset må vurderast i høve til plantelivet og i høve til villreinen sin bruk av områda. Om det blir aktuelt med særskilte tiltak, skal desse gjerast i samråd med beitenæringa.

**3.2 Friluftsliv**

Friluftsliv er til nytte og glede både for den enkelte og for samfunnet og utgjer eit viktig tilskot til livskvalitet. Dette gjeld vel så mykje i høve til dei psykiske sidene ved friluftslivet som til dei fysiske. Det er eit nasjonalt mål *at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivsels- og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles*, jf St. meld nr 39 (2000-2001).

Det ser ut til å vere ein generell trend at det enkle friluftslivet krev auka grad av tilrettelegging, gjennom betre merking av stigar og skiløyper. Dei fleste som går på tur i fjellet i dag følgjer merka stigar og løyper. Men det er og nokon miljø som ønskjer liten grad av tilrettelegging, og som søker til den urørde naturen.

I Hallingskarvet er det kort veg frå dei frodige stølsgrendene til vilt høgfjell, og denne variasjonen gjev turmoglegheiter for ein kvar smak. Frå gammalt av har det gått fleire ferdslevei gjennom verneområda, og i dag er områda attraktive og mykje bruka til ymse former for friluftsliv. Hallingskarvet ligg nær store reiselivsdestinasjonar og dette sett sitt preg på friluftslivet i områda. Her er eit nett av stigar og løyper og det finnast fleire bruer. Fleire bilvegar inn mot Skarvet gjer det lett å kome langt inn, sjølv på dagsturar. Det er og gode moglegheiter for lengre turar med overnatting i telt eller på turisthyttene.

Den vanlegaste friluftsbuena er turar langs merka stigar og kvista vinterruter frå hytte til hytte. Denne aktiviteten har halde seg stabil i volum over mange år, og ser ikkje ut til å auke. Nye former for friluftsliv har kome til og særleg har bruken av skisegl og kite auka. I hovudsak skjer dette med utgangspunkt på Finse, men skisegl og kite er etter kvart vanleg å sjå langt innover i fjellet, og områda mellom Finse og Prestholt blir bruka ein del til ski-

segling. Elles er det og noko aktivitet frå toppen av Hallingskarvet skisenter.

Den norske turistforening (DNT), Finse 1222 og Hol kommune har hovudansvaret for enkel merking, kvisting og skilting av stigar og skiløyper. Løypene blir kvista med skuter eller beltevogn, og det blir køyrd turar for å halde kvistinga vedlike. Dei kommunale løypene vert kvista frå fyrste snøfall, medan DNT kvistar sine løyper i starten av mars. DNT sine kvistar står ute til slutten av april, nokre strekningar er kvista heilt til midt i mai, medan kommunen ikkje tar ned sine kvistar. Det er i dag berre løypene Vestrheim - Halletjødne, Haugastøl - Bjørnabulægret og Skarverennstraséen som sporleggjast.

Dei fleste aktivitetane i verneområda er uorganisert, men det finnast og tilbod om guida turar. Fleire friluftssarrangement skjer i verneområda både vinter og sommar, med Skarverennet som det klart største. Skiløypa går frå Finse til Ustaoset gjennom Lengjedalen. Lordemarsjen er ein turmarsj som går frå Vestre Raggsteindalen til Haugastøl kvar haust. DNT arrangerer fellesturar både til fots og på ski. Finse skilag har turar i verneområda både vinter og sommar.

Det skjer nokon organiserte turar med hest i verneområda. Til no har dette vore ein aktivitet med relativt avgrensa omfang, med eit lågt tal turar innanfor verneområda. Men det er ein aktivitet som kan auke i framtida. Dei største aktørane er Stall Brusletto på Geilo og Hallingskarvet hestegård med base på Ustaoset. Frå Vestreim blir det arrangert dagsturar mot austsida av Skarvet, på stigen mellom Budalen og Byrkjedalen. Det går rideturar frå Prestholtseter på stigen mot Tvergastein, og det blir arrangert fotturar med kløvhest og overnatting i telt mellom Havsdalen og Finse.

Hallingskarvet er nasjonalt og internasjonalt kjent gjennom Arne Næss sin klatreak-

tivitet, og har fungert som eit slags mekka for klatrarar i fleire tiår. I dag er det lite klatreaktivitet i området. Det er beskrive fire til seks ruter mellom Hyllun og Prestholt i *Klatrefører for Hallingdal*. Skarvedet er den plassen i stupa som er mest besøkt av klatrarar.

Rallarvegen, den gamle anleggsvegen for Bergensbanen, går rett utanfor vernegrensa, vestover frå Haugastøl. Over 25.000 turistar nyttar vegen kvart år mellom Haugastøl og Myrdal. Nokre av desse rastar og teltar innanfor vernegrensene.

Klanten flyklubb og Valdres flyklubb driv seglflyging over Hallingskarvet med Ustevatnet som utgangspunkt. Dette er eit årleg arrangement.

### Mål og utfordringar

Utøving av friluftsliv er eit delmål i nasjonalparken, og verneområda skal vere til glede for eit enkelt naturvenleg friluftsliv som byggjer på norske tradisjonar, med lite teknisk tilrettelegging. Av verneverdiane er det særleg omsynet til villreinen som det skal leggjast vekt på, og dette må få eit særleg fokus i høve til nye friluftaktivitetar som skiseigl og kite. Omsynsfull ferdsle skal vere eit mål for friluftslivet i verneområda.

Det er eit mål å overvake ferdsla slik at ein har moglegheit til å oppdage eventuelle negative konsekvensar av ferdsle på eit tidleg tidspunkt. Det er både eit mål og ei utfordring å sørge for god informasjon om naturen og kulturverdiane til dei som ferdes i verneområda. Det er ei utfordring å i minst mogleg grad regulere ferdsle, samstundes som verneområda skal vere gode leveområde for villrein. Kanalisering av ferdsle i stigar og løyper er viktig for å gjere det mogleg med fleirbruk av villreinområda.



*Skitur innover mot Prestholtseter frå Havsdalen. Foto Ida Jarnæs*

## Retningslinjer

I samsvar med norsk friluftslivstradisjon er det fri ferdsle i verneområda. All ferdsle og aktivitet skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne, jf § 3 pkt 5.1. Villreinen må ikkje uroast.

### Regulering av ferdsle

*\* HNP §3 pkt. 5.5 og FBVO §3 pkt. 2.3*

DN har heimel til, ved særleg forskrift, å regulere eller forby ferdsle som kan vere til skade for naturmiljøet. Slik regulering kan berre skje innanfor nærare avgrensa delar av verneområda. Ut i frå dagens situasjon er det ikkje behov for restriksjonar for ferdsle. Det er ikkje tradisjon for å nytte seg av denne reguleringa i Noreg og det er heller ikkje ønskeleg av omsyn til allemannsretten i utmark. Så langt det er mogleg vil ein heller søkje å styre ferdsle gjennom kanalisering og tilrettelegging.

### Bruer

*\* HNP §3 pkt. 1.2b og 1.3d, FBVO §3 pkt. 1.2e og 1.3a*

Eksisterande bruer kan vedlikehaldast og byggjast opp att i fall dei er øydelagde, til dømes av isgang. Opphavleg storleik og utforming skal behaldast, og det skal nyttast naturvenlege materialar. På grunn av endringar i klima og meir ekstremvêr kan det vere trong til å byggje meir solide bru-er. Slike tiltak vil definerast som ombygging, og krev løyve. Det vil vere kurant å få slikt løyve på særleg utsette plassar.

Flytting, ombygging eller nybygging av bru-er krev løyve. Slike løyve vil bli gjeve når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg. Det blir lagt vekt på om brua er til nytte for stig- og løypenettet. Dersom det er fare for uønska ferdsle vil ikkje løyve bli gjeve. Løyvekra- vet er elles sett for at foraltninga kan sikre

at nærare plassering og utforming av brua er i samsvar med verneformålet.

### Stigar og løyper

*\* HNP §3 pkt. 1.2b og 1.3e, FBVO §3 pkt. 1.2e og 1.3b*

Med nokon endringar (sjå nedanfor) vil føresegnene gje høve til å halde oppe det eksisterande stig- og løypenettet. Dette er i hovudsak dei stigane og løypene som DNT står for på fredingstidspunktet, og dei som følgjer av Hol kommune sin stig- og løypeplan. Forvaltninga sitt utgangspunkt er at desse stigane og løypene og deira standard stort sett er akseptable i høve til verneformålet. Stigar og løyper i kartvedlegget til denne forvaltningsplanen kan merkast utan særskild løyve frå forvaltninga, men merking krev likevel grunneigars løyve. Vedlegg 4 syner kart over stigar og løyper.

Generelt for all ferdsle gjeld at i fall den fører til skader, eller det er rimeleg grunn til å tru at det er fare for skader, kan forvaltninga setje i verk fylgjande tiltak for å hindre slik skade eller fare for skade:

- merke nye stigar og/eller løyper for å kanalisere ferdsla
- informere brukarane
- leggje ned eller flytte merka stig eller kvista løype
- i samarbeid med DN forby all, eller bestemte former for ferdsle, for avgrensa område og/ eller for avgrensa periodar

Forvaltninga skal ikkje gjere meir omfattande og inngripande tiltak enn det som er naudsynt i kvart einskild tilfelle. Med andre ord skal tiltak øvst på lista over prøvast fyrst. Flytting og merking av nye stigar krev løyve frå grunneigarane.

### Endringar i eksisterande stigar og løyper

Verneområda er ein viktig vinterbiotop for villrein. Areala under Skarvet er vinterbeiteområde, medan dei øvste botnene har gode sommarbeiter. Det er eit mål å sikre store urørde leveområde for reinen, kom-



*Utsyn frå høgdene langs DNT stigen sør for Kyrkjedøri, retning Finse.  
Foto Aurland naturverkstad.*

binert med at eksisterande løypenett i størst mogleg grad blir oppretthalde. Løypenettet i området er nokon stader så tett at det kan sjå ut som villrein skyvast ut av vesentleg beiteareal. Parallelle stigar og løyper bør fjernast. Fylkesmennene foreslår følgjande endringar i stig- og løypenette, sjå og vedlegg 4:

- *Ynglesdalen*  
Det kan kvistast ei ny løype inn i Ynglesdalen frå Strandavatnet. Denne skal ikkje gå heilt inn til Ynglesflaten, men svinge sørover frå Stølebotntjørne, vidare øst for Synningshovda og ned til løypa mellom Geiteryggen og Raggsteindalen. Her blir det opp til dei som køyrer løypa å finne ein god trasé.
- *Løypenettet mellom Raggsteindalen – Geiteryggen - Kyrkjedørsvatnet*  
Fylkesmennene har sett i gong vidare undersøkingar omkring løypenettet i Kyrkjedøri, og ser på kva for verknad desse løypene har på villreinen. Viss det etter ei slik vurdering viser seg at det ikkje er bra for villreinen med to trasear mellom Raggsteindalen og Geiterygghytta, vil Fylkesmennene gjere ein endring i løypenettet her. Da blir den sørlegaste parallellen lagt ned og løypa frå Finse om Kyrkjedørsvatni leggjast ned til Skarvåtjerna, der det blir ein kort avstikkar til Geiterygghytta og ei løype til Raggsteindalen. Dette

er endringar som blir sette i verk straks det ligg føre ei vurdering av dette. Mellombels ønskjer forvaltninga at kvistane på desse strekningane blir teke bort etter at Raggsteindalen har stengt.

- *Løype Vestrheim-Halletjødne*  
Denne løypa blir tillate sporlagt med snøskuter i vinterferien og påska i fall det ikkje er registrert villrein lenger aust enn Raggsteindalen innan ei veke før sporlegginga tek til. Det skal takas kontakt med oppsynet (SNO) før sporlegging tek til. Standarden skal følgje kategori F i Hol kommune sin stig- og løypeplan, sjå vedlegg 5.
- *Stigar frå Hallingskeid og Finse mot Geiteryggen*  
Stigane som går parallelt frå Omnsvatnet mot Geiterygghytta føres saman til ein stig på austsida av vassdraget. Det må etablerast ei bru over utløpet ved Omnsvatnet.
- *Stig i Ynglesdalen*  
Det kan merkast ein ny stig i Ynglesdalen, som følgjer den gamle slepa.

#### Nye stigar og løyper og omlegging av eksisterande

*\* HNP §3 pkt. 1.3e, FBVO §3 pkt. 1.3b*

Det blir ikkje gjeve løyve til nye løyper i området vest for løypa Haugastøl-Raggsteindalen. I området aust for denne løypa kan det gjevast løyve til mindre endringar og utvidingar i eksisterande løypenett, men forvaltninga vil leggje avgjerande vekt på å bevare urørde område for villreinen. Det vil uansett ikkje bli gjeve løyve til nye løyper nærare sjølve Hallingskarvet enn eksisterande løyper. Omsynet til villreinen tilseier vidare at det ikkje blir gjeve løyve til å merke nye stigar i området vest for ei linje mellom Geiteryggen og Lengjedalen.

#### Tilrettelegging

All tilrettelegging for friluftsliv i fjellet, som merking av stigar, kvisting av skiløyper

og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med DN sin handbok 27 *Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006* og den nyaste gjeldande *Merkehåndboka*, frå DNT. DNT sine retningsliner for merking og kvisting skal følgjast, sjå vedlegg 5. Godkjente nye stigar og løyper skal merkast og kvistast på same vis som eksisterande. Forvaltninga kan krevje at skilt blir flytta i fall dei blir funne å ha ei uheldig plassering.

Det kan ryddast langs stigane i fall vegetasjon gjer det vanskeleg å ta seg fram, men det kan ikkje ryddast for andre formål, som til dømes for å betre utsikta. Dette gjeld og for stigar som ikkje er merka, til dømes for tilkomst til hytter og for beitebruken. I fall slike stigar skal merkast og/eller skiltast krev det løyve.

Forvaltninga vil ikkje tillate nye bruer eller klopper utanfor eksisterande stigar og løyper. Ved avgjerda av søknader om slike tiltak i eksisterande stig- og løypenett vil det leggjast vekt på behovet for ny bru/klopp, konsekvensar for verneverdiane og om behovet kan dekkast med alt eksisterande tiltak.

#### Organisert ferdsle

*\* HNP §3 pkt. 5.2, FBVO §3 pkt. 2.2*

Vernet hindrar ikkje tradisjonell turgåing, og heller ikkje organisert turverksemd til fots og på ski, så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.



*Lengjedalsbrotet sett frå Sandalsnuten.  
Foto Trond Aalstad*

Fylkesmannen har heimel i føresegnene til å stille krav om løyve for organisert ferdsle som kan skade verneverdiane. Det er ikkje meininga at vernet skal vere i vegen for at folk i grupper kan oppleve naturkvalitetane i verneområda, men ein ønskjer å ha ein viss kontroll over denne type ferdsle slik at den ikkje kjem i konflikt med verneformålet. Det er krav om løyve for organisert ferdsle til fots eller på ski som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merka stigar og løyper er grensa 100 personar pr. tur.

Ved vurdering av løyvesøknad skal det leggjast stor vekt på fare for slitasje og skade på kulturminne eller andre verneverdiar, omsynet til vilt og beitedyr og til anna friluftserksemnd. Det kan setjast naudsynte vilkår for eventuelt løyve.

Organiserte opplegg som kan leggjast utanfor verneområda med same utbytte, skal søkjast lagt til utsida i fall ikkje særskilde tilhøve talar mot dette.

### Telting

Det er ikkje forbod mot å telte i verneområda, men større teltleire med meir enn 15 teltdøgn på same stad vurderast som organisert aktivitet som krev løyve. 15 teltdøgn er anten 15 telt i ett døgn, 7 telt i 2 døgn eller 5 telt i 3 døgn.

Ved søknad om løyve har forvaltninga høve til å fastsetje nærare stad for teltinga og kor lenge ein kan telte på staden.

### Klatring

Klatring er ein del av det naturbaserte friluftslivet. Det er ikkje forbod mot klatring i verneområda, men dei som klatrar må vise omsyn til naturen og dyrelivet, særleg hekande rovfugl. Uroande aktivitetar bør ikkje skje i nærleiken av hekkplassar for rovfugl i perioden 1. februar – 31. juli. Viss ein kjem over eit rovfuglreir under klatring skal ein halde avstand, og ikkje bevege seg nærare enn 500 m.

Klatreturar med større grupper enn 15 personar, vurderast som organisert aktivitet som kan skade naturmiljøet, og slik aktivitet krev løyve.

### Sykling

*\* HNP § 3 pkt 5.4*

Føresegnene opnar for sykling på traséar eller i område som er godkjent for slik bruk i forvaltningsplanen. Dette har ikkje vore ein utbreidd aktivitet i verneområda før vernevedtak, og forvaltninga ser ikkje grunn til at det er behov for å opne for dette no. Inntil vidare vil ikkje forvaltningsplanen godkjenne nokon trasé eller område til dette.

### Bruk av hest

*\* HNP §3 pkt 5.4*

Føresegna skil mellom organisert og uorganisert bruk av hest. All uorganisert bruk av hest er tillate, det gjeld og bruk av kløvhest. Organisert bruk av hest krev ikkje løyve i følgjande område:

- Djuptjørnhovda – Budalen – Storekvelve

Dette området er avmerkt på kart over stiger og løyper i vedlegg 4.

I fall riding i desse områda skulle vise seg å gje skadeleg terrengslitasje eller fare for slik skade, kan forvaltninga krevje at ride-traseane må leggjast om, at ridinga må ha særskild løyve eller at aktiviteten må stoppa. Eit eventuelt løyve skal gjevast med vilkår som sikrar mot slik skade eller fare for skade.

Organisert bruk av hest i andre område enn det som er nemnd over, krev løyve. Søknad om løyve skal vurderast ut ifrå dei momenta som er nemnt over, og det skal særleg leggjast vekt på faren for terrengslitasje. Meir sporadiske turar, eller faste opplegg med opptil 30 hestar gjennom sesongen kan pårekne å få løyve. I løyvet kan det setjast vilkår om omfanget av verksemda.





*Til opninga av nasjonalparken vart alt utstyr frakta inn med hestar frå Geilo hestesenter.  
Foto Anne Øvrejorde*

### Hundekøyring

Hundekøyring er ikkje eit problem i verneområda i dag, men dette er ein aktivitet som kan auke i framtida. Køyring langs kvista trasear krev ikkje løyve. Skal ein køyre utanom løypene vil større turar med over 4 spann og/eller meir enn 20 hundar vurderast som organisert ferdsle som krev løyve.

### Kiting/skisegling

Organiserte former for kiting og skisegling krev løyve frå forvaltninga. Søknader blir vurdert ut i frå omsynet til villrein. Kiting skjer oftast på eit svært avgrensa område, medan skisegling eller turkiting kan føre utøvarane over lange avstandar, og til meir urørde delar av verneområda. Skisegl og kite gjev mykje høgare hastigheit og har stor synleg skjerm i lufta, noko som til saman truleg verkar enda meir trugande enn

ein person på ski. Omsynet til andre former for friluftsliv er og relevant.

Det er gjort ein studie på kva for verknad skisegling har på villreinen i ein masteroppgåve frå UMB, *Adferdsrespons hos villrein ved direkte provokasjon fra skiløper og kiter*. Dette studiet syner at villrein reagerar kraftigare og tidlegare på uroing frå ein kiter enn ein skiløpar. Om villreinen stadig blir uroa fører det til at han får mindre tid til å beite, noko som kan vere kritisk.

Det er på noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å sette forbod mot kiting eller skisegling i verneområda. Dette kan endrast med tida.

Det er kvar enkelt utøvar si oppgåve å ta omsyn til villreinen. Det er ein føresetnad at utøvarane tenkjer igjennom si eiga

ferdsle, slik at den ikkje kjem i konflikt med desse dyra. Villrein reagerer på ein kiter på 500 – 250 m avstand. Ein kiter som får auge på villrein bør legge ned kiten, pakke den saman og trekkje seg rolig attende den vegen han kom.

### Seglfly

Føresegnene har ikkje forbod mot seglflyging, så lengje det ikkje skjer lavtflyging med motor under 300 m. Slik aktivitet kan verke uroande på villrein, og det må takast særskilde omsyn. Dei som driv slik aktivitet må ta kontakt med naturoppsynet (SNO) på førehand for å klarleggje om det er villrein i område kor det skal flygast.

### Arrangement i verneområda

*\* HNP §3 pkt. 5.3, FBVO §3 pkt. 2.2*

På vernetidspunktet er det to store årlege arrangement i verneområda. Dette er Skarverennet og Lordemarsjen. Etter verneføresegnene kan desse arrangementa gå som dei gjer på vernetidspunktet. Dei kan flyttast inntil ei veke framover eller bakover i høve til planlagt dato, men forvaltninga skal ha melding om dette.

Føresegnene opnar for at fylkesmennene kan gje løyve til endringar i arrangementa. Det gjeld mellom anna endringar av løype-trasé og endringar som fører til motorisert ferdsle i andre tidsrom og andre trasear enn det som gjeld på vernetidspunktet. Slik endring vil uansett vere kurant så langt ny løype-trasé blir liggjande i løype som er godkjent jf. stig- og løypeplanen, og løypa ikkje får endra standard. Fylkesmennene meiner at det ikkje er aktuelt å auke talet på deltagarar i Skarverennet, medan Lordemarsjen toler ei monaleg auke i deltakar-talet før det blir problematisk i høve til verneverdiane. Fylkesmennene har laga ei rammeavtale for Skarverennet, som tek opp tilhøva til verneføresegnene. Avtala finnast i vedlegg 12. Vi vil lage ei liknand avtale for Lordemarsjen.

Forvaltninga kan krevje at arrangørane i ein kortfatta rapport gjer nærare greie for korleis arrangementet har vorte gjennomført og kva deltaking det har vore, og ei

vurdering av om det har vore problem i høve til verneverdiane.

Andre arrangement, treningsopplegg, øvingar og konkurransar krev særskild løyve.

Dei to siste åra har det vore forsøkt med eit terrengløp frå Ustaoset til Geilo via Prestholtseter, og det er gjeve løyve til dette. Slike arrangement er positive, og dei vil kunne halde fram så lengje dei ikkje fører til skade på naturmiljøet.

### Skilting og informasjon

Forvaltninga ønskjer å formidle god informasjon til brukarane av verneområda. Det er naudsynt med skilt og infotavler ved dei mest bruka stigane og løypene som går inn i området, og det bør vere meir omfattande informasjonsopplegg knytt til reiselivs- verksemda på Finse og Geilo.

DN sin mal for plakatar i verneområder blir nytta, og plakatan vart ferdige i 2007. Plakatan blir så langt råd sett opp i tilknytning til eksisterande bygningar eller på parkeringsplassar. Det er utvikla eit eiga stativ for plakatan, og dette skal brukast rundt Hallingskarvet.

Aktuelle stader er turisthyttene, større parkeringsplassar, ved vegar inn i området, langs Rallarvegen og i sentrum av dei større tettstadene. Forvaltninga skal syte for grunneigars løyve til å setje opp skilta. Det er forvaltninga sitt ansvar å sjå til at plakatan vert halde vedlike.

### Informasjon på Finse og Geilo

Her bør det vere meir omfattande informasjonsopplegg som blir utforma i samarbeid mellom forvaltninga og andre aktørar, og lokalisert i tilknytning til Geilo Turistinformasjon.

Finse og Geilo er og innfallsporatar til andre verneområde, til dømes Hardangervidda, og det må skje ei samordning av informasjon om fleire av verneområda.



*Grensebolt og nasjonalparkskilt ved Haugastøl. Rundt grensebolten er det bygd ein varde for å markere grensa betre og for å skjule bolten av aluminium.*

*Foto Hans Lennart Lindkjølen*

På Finse tok Ulvik herad initiativ til å få på plass betre skilting og informasjon. Det er utforma ei eiga informasjonstavle for alle verneområda rundt Finse, som heng på statsjonsveggen der oppe. Det er og satt ned ei gruppe som skal jobbe med eit informasjonssenter. I denne gruppa sit Statskog, Finse 1222, Ulvik herad og Fylkesmannen. NSB, Jernbaneverket, Finse Vassverk og Ulvik Fjellstyre er og involvert i arbeidet.

Motorferdsle i samband med friluftsliv blir handsama i kapittel 3.5.

### **Aktuelle tiltak**

Forvaltninga skal syte for at endringane i stig- og løypenettet blir gjennomførde, og gje tilskott til ny bru ved Omnsvatnet.

Forvaltninga vil setje i gang ei utredning om villreinen sin bruk av området ved Kyrkjedøri. Påverknaden frå ferdsla i om-

råda skal dokumenterast, og skal gje svar på om det er behov for å legge ned ein av løypetraseane mellom Geiteryggen og Raggsteindalen.

Forvaltninga syter for at det vert sett opp informasjonsplakatar på alle desse stadene:

- P-plass ved Vestredalstjønne
- Geiterygghytta
- P-plass ved enden av Vierbotnvatni
- Raggsteindalen Turisthytte
- Byrkjedalen – ved sti eller bomvei
- Myrland/Sudndalen
- Budalen – P-plass før veikryss
- Prestholtseter
- Ustaoset sentrum
- P-plass Embretstøltjørne
- Haugastøl – P-plass/start på stig og v/Rallarvegen
- Rallarvegen–bomstasjon v/Nygarðsvatnet
- Finse – stasjonsbygning, Finsehytta og Finse 1222
- Klemsbu
- Såtedalen – NSB undergang
- Hallingskeid - turisthytte
- Lordehytta
- Geilo – fellesplakat

Forvaltninga syter for å få opplysningar om gjennomføring av friluftsansettment i områda. Arrangørane plikter på førespurnad å gje slike opplysningar. Forvaltninga skal lage ei rammeavtale for Lordemarsjen.

SNO har teke initiativ til at det vert laga ein brosjyre om villrein og kiting/skiseegl. Denne brosjyra skal formidlast til kite/skiseegl miljøa som driv i verneområda. Forvaltninga har bedt SNO om å gjere ei kartlegging av skiseglaktiviteten i verneområda. Det er og ønskjeleg at SNO deltek med informasjon om villrein på kitekurs og andre arrangement som kitemiljøa har.

Forvaltninga ønskjer å lage eit register over dei som driv organisert verksemd i verneområda.



*Bertil Anderson og Hans Lennart Lindkjølen frå SNO har satt opp nasjonalparksilt ved stigane inn i nasjonalparken. Her ved Raggsteindalen, langs stigen mot Geiteryggen.  
Foto Marius Garnås*

### 3.3 Jakt og fiske

Det blir jakta på villrein, elg, li- og fjellrype og noko hare i verneområda. Elgjakta går føre seg i Ynglesdalen og Byrkjedalen. Reinsjakta skjer i høgareliggjande delar av verneområda, og omfanget varierar med svingingar i villreinbestanden og kor dyra står under jakta.

Det er kortsal for småviltjakt i statsallmenningen og områda disponert av jeger- og fiskeforeiningane. Jakta på privat grunn blir stort sett leigd ut. Heile området rundt Hallingskarvet er godt jaktterreng og leigepreisane er høge.

Det er fisk i mange av vatna i verneområda. Aure er den dominerande arten, men nokre vatn har og røye og sik. Dei fleste

vatna ligg på privat grunn og blir nytta av eigaren sjølv, blir utleigd eller er med i fiskekortordning. Det er sal av fiskekort i fleire vatn både på sør- og nordsida av Hallingskarvet. Om lag alt fiske skjer sommar-tid.

For fleire vatn er det laga driftsplanar, og det blir drive aktivt fiske og kultiveringsarbeid. Dette inneber utsetjing av fisk. Nokre vatn blir dessutan kalka. I Ynglesdalen blir det drive noko rusefangst av ørekyte.

Utleige av jakt og fiske saman med utleige av jaktbu/fiskebu gjev gode leigeinntekter for grunneigarane, og er difor ein vesentleg ressurs for fleire av eigedommane i verneområda. Jakt og fiske for vidaresal av fangsten har lite omfang og har ikkje nemnande økonomisk betydning.

## Mål og utfordringar

Det er eit sentralt mål for forvaltninga av Hallingskarvet at jakt og fiske framleis skal kunne gå føre seg innanfor rammene av verneformålet. Desse aktivitetane høyrer til det naturbaserte friluftslivet, som er ein del av verneformålet, og storviltjakta er eit bidrag til å regulere bestanden.

Det er ei utfordring å få til ei god utnytting av ressursane innanfor verneområda.

## Retningslinjer

Føresegnene hindrar ikkje at jakt, fiske og fangst held fram som før i verneområda. Reglane i naturmangfaldlova, viltlova og laks- og innlandsfiskeleva regulerer dette. På statsallmenningen blir jakt og fiske regulert av fjellova.

Bruk av hund til jakt og trening av jakt-hund, kan gå føre seg i verneområda etter reglane i viltlova og kommunale føresegner med heimel i hundelova. Jaktprøver er organisert verksemd som krev løyve etter vernereglane, jf § 3 pkt 5.2.

### Kalking

*\* HNP §3 pkt. 3.3c*

Det kan gjevast løyve til å kalke vatn som har vore kalka før, og til å kalke elvar og vatn som ikkje har vore kalka før, når det er naudsynt for å hindre at fiskeartar dør ut.

Alle vatn og vassdrag på nordsida av Hallingskarvet og vest for Halletjødne skal vere referansevassdrag og skal uansett ikkje kalkast, jf vedlegg 6.

### Utsetjing av fisk og uttak av stamfisk

*\* HNP §3 pkt.3.3a og b*

Det blir sett ut fisk i ein del av vatna i verneområda, blant anna Skarvåvassdraget, Folarskardtjødnane og Geiteryggvatna. Utsetjing av fisk krev særskild løyve frå forvaltninga. Det vil bli gjeve løyve til å setje ut fisk i dei vatna kor dette vart gjort før vernet, i samsvar med Lov om laks- og innlandsfiske.

Dei som har løyve til å setje ut fisk i samsvar med laks- og innlandsfiskeleva må søkje på nytt etter verneføresegna. Slike løyve vil bli gjeve for fleire år, og det vil bli ei felles handsaming med fiskeforvaltninga, hjå Fylkesmannen.

Søknader om løyve til å ta ut fisk for avlsformål vil bli positivt behandla. Andre enkelte kultiveringstiltak vurderast i kvart enkelt tilfelle etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova sin § 48.

Vedlegg 6 viser vatn som vert kalka og kor det vert sett ut fisk ved vernetidspunktet. Motorferdsle i samband med jakt og fiske blir handsama i kap. 3.5.

## Aktuelle tiltak

Forvaltninga skal sjå til at tiltaka mot spreiding av ørekyte held fram.

## 3.4 Forsking

Det blir drive ein utstrekt forskingsaktivitet i verneområda, særleg med utgangspunkt i forskingsstasjonen på Finse. I dag går det føre seg forskning innan fleire fagfelt i verneområda.

Forskningsstasjonen på Finse eigast og drivast av universiteta i Bergen og Oslo, og vart oppretta i 1972. Økologiske studier i området starta opp tidleg på 1960-talet, og limnologiske undersøkingar strekk seg heilt attende til 1920-talet. Stasjonen nyttast i dag av forskarar frå ein lang rekkje norske og utanlandske forskingsinstitusjonar innan ulike naturvitskaplege disiplinar som økologi, geologi, naturgeografi og limnologi. Stasjonen har lange tidsseriar av biologiske data og har knytt til seg eit nettverk av forskarar med ein betydeleg dugleik på vitskaplege problemstillingar knytt til høg fjellet. Forskarar frå stasjonen er mellom anna med i ”The International Tundra Experiment”, eit internasjonalt samarbeidsprosjekt for studiar av effektane av global oppvarming.

Finse-området er av særskild interesse i høg fjellsøkologisk forskning, fordi det er stor variasjon i naturtypar og ulike miljøgradientar i ulike retningar. Områda nord for Bergensbanen har ein rik berggrunn og ein frodig vegetasjon i sørvende lier, og det finnast artsrike plante- og dyresamfunn. Områda sør for Bergensbanen er prega av Hardangerjøkulen, som har trekt seg attende gjennom dei siste århundra. Her er det ein næringsfattig berggrunn, og ein grisen vegetasjon. Øst og vest for Finse endrar klima og snømengd seg raskt og dette speglar seg i økologiske prosessar og mønstre. Det er mangfaldet av desse økologiske gradientane som er bakgrunnen for at forskingstasjonen er lagt til Finse.

### Mål og utfordringar

Det er eit mål at verneområda på Hallingskarvet kan nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, og så lenge det er i tråd med verneformålet.

Det er eit mål å medverka til integrering av forskning på økologiske prosessar, forvaltningsretta overvaking og forvaltningstiltak.

Det er ei utfordring at forskning og undervisning ikkje fører til eit auka press på verneområda, og bidreg til å forringe verneverdiane. Det er ei utfordring å oppnå samarbeid i høve til forskinga og deira



*Fjellrev. Foto Olav Strand*

institusjonar for å nytte deira verksemd til å fremje verneformålet.

### Retningslinjer

Forvaltninga kan gje løyve til forskingsaktivitet gjennom den generelle dispensasjonsregelen i § 48 i naturmangfaldlova.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneføreseggene, skal skje i regi av universitet, vitenskapleg høgskule eller annan godkjent instans med forskingskompetanse. Forskingsprosjekt skal som hovudregel byggje på undersøkingar av naturmiljøet i verneområda, eller vere retta mot aktuelle forvaltningsretta problem som vedkjem verneområda. Prosjektet må tilfredsstillе vitenskaplege krav til oppbygging og gjennomføring. Ved behov for motorferdsle for gjennomføring av eit forskingsopplegg, må ulempene ved transport vegast opp mot nytta av forskingsopplegget.

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal som hovudregel kanaliseras dit. Opplegg som blir lagt til verneområda skal ta tilbørleg omsyn til verneformålet.

Forskingsprosjekt som krev særskilt løyve etter § 48 i naturmangfaldlova, skal så langt det er mogleg leggast til eit område mindre enn 5 km frå forskingsstasjonen eller mindre enn 2 km frå Rallarvegen. Innanfor desse avstandane skal det kunne gjes løyve til å setje opp tidsavgrensa eksperimentelle installasjonar og utstyr eller gjennomføre habitatmanipulasjonar som har eit avgrensa omfang med forbigåande effektar.

Forskningsprosjekt vil ikkje få løyve om dei fører til vesentleg skade eller ulempe for vilt eller andre verneverdiar. Nyttå av forkinga må vurderast som større enn ulempa.

I fall forskningsprosjekta krev installasjonar i verneområda skal desse vere godt merka, og det skal ryddast opp når forsøka avsluttast.

### Aktuelle tiltak

Forvaltninga skal betre kontakten med forskingsmiljøa som driv i områda i og rundt Hallingskarvet.

Forvaltninga skal ha ein oversikt over kva for forskningsprosjekt som går føre seg i verneområda.



*Forskningsstasjonen på Finse. Foto Torbjørn Ergon*

### 3.5 Motorisert ferdsle

Bruken av områda og dei tekniske innretningane fører til noko motorisert ferdsle. Det er ingen vegar i nasjonalparken eller biotopvernområdet, og det er difor ikkje aktuelt med motorisert ferdsle på sommarføre. Nesten all motorferdsle skjer ved bruk av snøskuter eller anna beltekøyrety på vinterføre. Til redningsoppdrag, inspeksjon, overvaking av villrein, utsetting av fisk og reparasjon av installasjonar og kraftlinenett kan det vere aktuelt å nytte helikopter.

Innanfor verneområda er det aktuelt med motorisert ferdsle i samband med fleire av bruksområda. Landbruksdrifta krev transport av salt til salteplassane og av materialar til gjerder og hegner. Det er behov for transport av felt storvilt og transport i samband med fiske og fiskekultiveringstiltak. Kvisting og merking av løyper, vedlikehald av bruer og klopper og gjennomføring av Skarverennet krev motorferdsle. Det er vidare transportbehov til bygningane i området, både knytt til bruken av bygninga, ved og proviant inn og avfall ut, og til bygninga i seg sjølv, til dømes til vedlikehald.

Hjelpkorpsa, Forsvaret og kraftselskapa har behov for bruk av motorkøyrety innanfor verneområda, og det same gjeld dei som driv oppsyn og forskning.

Mykje av transporten med snøskuter og beltekøyrety skjer ved leigekøyring, og det er fleire aktørar som driv med dette. Fylkesmennene ønskjer at det meste av motorferdsla i verneområda skal skje ved leigekøyring.

### Mål og utfordringar

Det er eit mål å halde motorferdsla på eit minimum. Ro og stille er eit felles gode som er viktig å ta vare på! Dette inneber ikkje berre at ein skal sjå på talet for løyver, men ein skal og halde omfanget av kvart løyve så lågt som mogleg. Dei ulempene som følgjer med motorferdsla må vurderast, og ein må syte for at desse blir halde på eit minimum.

Det er ei stor utfordring å fjerne ikkje naudsynt motortransport, samstundes som naudsynt transport kan halde fram. For å kunne halde oversyn med utviklinga er det viktig at ein utarbeider ein statistikk som omfattar all motorferdsle i nasjonalparken og biotopvernområdet.

### Retningslinjer

All motorferdsel er i utgangspunktet forbode innanfor verneområda, jf forskriftene. Forvaltninga kan gje løyve til motorisert ferdsla, men verneformålet tilseier at omfanget av slik transport blir halde på eit lågast mogleg nivå. Løyve for motortransport skal ta sikte på å ivareta dei heilt grunnleggjande behov som i denne samanhengen er operativ verksemd, landbruksdrift, frakt av naudsynt utstyr og brenslе og vedlikehald av bygningar og andre installasjonar. Det skal vere maksimal utnytting av lastekapasitet tilpassa køyretilhøva for å redusere talet på turar, og det skal gjerast ei streng og nøktern vurdering av behovet for motortransport der det blir delt ut løyve. Det blir

sett krav til samkøyring for fleire brukarar som har aktivitetar i same område. Løyve til naudsynt ferdsla utifrå dagens bruk av området vil normalt gjevast slik det er gjort greie for nedanfor. Kravet om løyve gjev forvaltninga kontroll med omfanget av den motoriserte ferdsla, og gjev moglegheit for å setje vilkår som reduserer ulempene for verneverdiane.

Vi gjer merksam på at søknader om løyve til motorferdsle i verneområda og skal handsamast av kommunen i høve til lov om motorferdsle. Søknader om løyve til motorisert ferdsla skal difor sendast til kommunen og Fylkesmannen.

Forvaltninga skal ha oversyn over korleis løyva blir nytta og kva som er det samla omfanget av motorferdsle i verneområda. Løyvehavarane skal difor rapportere nærare om kva køyring som skjer ved å fylle ut køyreskjema som sendes forvaltninga. Køyreskjema skal returnerast sjølv om ikkje løyvet er nytta. Forvaltninga orienterar SNO og DN om kven som har fått løyver og kva føremålet er.



*Motorferdsle i verneområda skjer i hovudsak med snøskuter på vinterføre.*

*Foto Morten Vabe*

### Operativ verksemd – redning, politi, brann, oppsyn, militær verksemd m.v.

*\* HNP §3 pkt. 6.2a, FBVO §3 pkt. 3.2a*

Føresegnene er ikkje til hinder for slik motorisert ferdsla korkje på vinterføre eller på barmark. Regelen inkluderar transport for undersøking av og eventuelt avsperring og



skilting av rasfarlege område, uvanleg isgang og andre farlege tilhøve.

Omgrepet redning omfattar alle redningsoppdrag ved ulykke, skade og nødssituasjonar, og verneføresegnene set inga grense for kven som kan køyre i slike oppdrag, men slike oppdra bør koordinerast gjennom Røde Kors hjelpekorps.

Oppsynsomgrepet i føresegnene gjeld oppsyn med verneføresegnene, og anna oppsyn etablert med heimel i lov. Anna oppsyn omfattar ein del av dei oppsynsoppgåvene som fjelloppsyna gjer, for eksempel motorferdsleoppsyn, kontroll av hundelov, viltlov og faunakriminalitet.

Forvaltninga skal ha etterfølgende melding om all motorferdsle etter desse punkta i føresegnene.

Øvingsverksemd for same formål – Røde Kors hjelpekorps, politi og brannvern

*\* HNP §3 pkt. 6.3a, FBVO §3 pkt. 3.3b*

Slik køyring krev løyve. All øvingsverksemd som kan leggjast utanfor verneområda skal flyttast dit. Det vil bli gjeve løyve som er avgrensa til naudsynt øving for å gjere seg kjent i verneområda. For Røde Kors kan det og gjevast løyve for øving som gjeld test av radiosamband knytt til Skarverennet.

Hjelpekorpsa skal som grunnlag for søknaden utarbeide plan for øvingsverksemd, og planen skal vere godkjent av politimeisteren slik det følgjer av retningsliner frå DN (*sjå brev frå DN til fylkesmennene av 01.03.99, vedlegg 7*). Ein slik øvingsplan skal gje ei skildring av antall turar, kva formål turane har og kor og når dei skal skje. Alle søknader om kjentmannskøyring skal vurderast med grunnlag i områdas sårbarheit, omsynet til dyrelivet, friluftsliv og utskifting av folk i hjelpekorpsa. Hovudregelen er at ein skal gjere seg kjent i områda utan bruk av køyrety, ved til dømes ski og fotturar. Fylkesmennene meiner det er ein fordel om Røde Kors sine mannskap kunne stå

for/vere med på ein del av kvistinga av skiløypene i verneområda, slik at dei på den måten kan gjere seg kjent og halde anna øvingsverksemd på eit minimum.

Søknad om motorisert ferdsle under øvingsverksemd for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje gjevast om det finnast alternative øvingsområde. Søknaden skal ha med ei vurdering av alternative praktiske løysingar som reduserer transportbehovet, mellom annan om aktiviteten kan skje utanfor verneområda.

Lågtflyging under 300 meter er ikkje tillate over verneområda. Dette omfattar og militære lågtflygingsøvingar. Forvaltninga kan gje løyve til militære lågtflygingsøvingar i verneområda.

Transport av materialar, utstyr og ved

*\* HNP §3 pkt. 6.3d og e, FBVO §3 pkt. 3.3e og f*

Det er krav om løyve for all slik transport i området, og høvet til å gje løyve er avgrensa til transport på vinterføre.

Det kan gjevast løyve til naudsynt transport til dei formåla som er nemnde i føresegnene, dersom det ikkje strir mot formålet med vernet. Det kan gjevast løyve til naudsynt transport av materialar og utstyr som skal nyttast til vedlikehald og byggjearbeid på bygningar, bruer og klopper. Det kan gjevast løyve til transport av varer, utstyr og ved til hytter og stolar. Det er ikkje høve til å gje løyve til rein persontransport til bygningane i verneområda, men personar kan takast med ved anna lovleg transport om det er plass. Personar skal ikkje takast med dersom det utløyser eit behov for fleire turar.

Det er heller ikkje høve til å gje løyve til motorferdsle i samband med tilsyn av bygningar og båtar. Tilsyn må samordnast med anna lovleg motorferdsle.



*Sildrebekk under Finsenut.  
Foto Trond Aalstad*

Klemsbu blir drive som serveringsstad i helgene frå januar og ut mai. Det blir transportert opp varer til Klemsbu med snøskuter. Denne transporten må ansvarleg aktør (Finse 1222) halde på eit så lågt nivå som mogleg. Persontransport er ikkje tillate.

#### Landbruksdrift

*\* HNP §3 pkt. 6.2d og 6.3c, FBVO §3 pkt. 3.2d og 3.3d*

Det er ikkje krav om løyve for motorferdsle for å hente ut sjuke husdyr, men SNO skal orienterast på førehand og dyret skal vere lokalisert før motorkøyrety blir teke med inn i verneområda. Køyrety som blir bruka skal vere skånsamt mot markoverflata.

Det er krav om løyve for anna motorferdsle i samband med landbruksdrift. Slikt løyve vil bli gjeve til naudsynt transport av salt, utstyr til salteplassar og anlegg, gjerder og andre lovlege innretningar. Transporten er avgrensa til vinterføre.

I dei vatna der det gjevast løyve til å bruke båt med motor vil det og vere kurant om ein i tillegg søkjer om å bruke motorbåt til

landbruksdrift, som til dømes frakt av husdyr. Slike søknader må handsamas etter § 48 i naturmangfaldlova. Det gjevast løyve til naudsynt transport i samband med vedhogst til bruk på hytter og stolar i nasjonalparken.

#### Kvisting, vedlikehald og preparering av skiløyper

*\* HNP §3 pkt. 6.3 b, FBVO §3 pkt. 3.3c*

Motorferdsle til desse formåla vil få løyve, så langt ferdsla skjer i tråd med forvaltningsplanen sin stig- og løypeplan. Eventuell godkjenning av nye løyper inneber og at det blir gjeve løyve til naudsynt motorferdsle knytt til kvisting. Kontroll av rasfarlege område forut for kvisting av skiløypene blir rekna som ein del av kvistinga, og det blir gjeve løyve til motorferdsle i samband med dette. Kvisting kan gjerast med snøskuter eller beltebil.

Aktuelle løypestrekningar går fram av løypekart i vedlegg 4 – sjå elles kap. 3.2.

Vernet hindrar ikkje naudsynt motorferdsle i tilknytning til gjennomføringa av Skarverrennet, sjå elles om dette i kap. 3.2. Ved løyve til oppsetjing av mellombelse master til rennet vil det og bli gjeve løyve til naudsynt motorferdsle i samband med dette.

#### Transport av felt storvilt

*\* HNP §3 pkt. 6.2b og 6.3g*

Det er ikkje krav om løyve for bruk av såkalla ”elgtrekk” for uttransport av felt elg og hjort. Det kan gjevast løyve for bruk av båt med påhengsmotor for frakt av villrein på vatn der det elles kan nyttast påhengsmotor i samband med fiske, jf. neste punkt. I fall ein allereie har løyve til å bruke båt med motor til fiske gjeld dette og frakt av villrein. Føresegnene opnar ikkje for anna bruk av motorferdsle i samband med villreinjakt.

#### Fiske og fiskekultivering

*\* HNP §3 pkt. 6.3f og g, FBVO §3 pkt. 3.3g*

Det kan gjevast løyve til transport som er naudsynt og som gjeld kalking, fiske og fiskekultiveringstiltak. Løyve til transport

av kalk vil i utgangspunktet bli gjeve for transport på vinterføre, men det kan og vere aktuelt å gje løyve til kalking med helikopter i fall dette vurderast som formålstenleg. Løyve til naudsynt motorferdsle på vinterføre vil bli gjeve til frakt av settefisk, til frakt av båt til og frå båthus eller opplagsplass og for frakt av utstyr til fisket, som garn, ørekyteteiner og båtutstyr.

Det vil bli gjeve løyve til bruk av båt med påhengsmotor med inntil 10 HK, i samband med fiske på følgjande vatn:

- Lengjedalsvatnet
- Øvre Hellevatnet
- Nedre Hellevatnet
- Tjørn på 1295 mellom Øvre og Nedre Hellevatn
- Vesle Tungevatnet (vestre og austre)
- Geiteryggvatna
- Omnsvatnet

#### Transport for drift av Finse vassverk

*\* HNP §3 pkt. 6.3h, FBVO §3 pkt. 3.3h*

På vinterføre kan forvaltninga gje løyve til bruk av beltekøyrety i samband med inspeksjon og vedlikehald av tilsigsområdet for Finse vassverk.

Inn under § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltninga og gje løyve til bruk av beltekøyrety på vinterføre i samband med dei snømålingane som skjer i nedslagsfeltet for reguleringsmagasina til E-Co Vannkraft og Ustekveikja Energi. Motorferdsle ved snømålingar skal reduserast til eit minimum. Til grunn for handsaming av søknaden skal det liggje føre plan som dokumenterer behovet for transport. Målingar skal så langt som råd leggast utanom verneområda.

#### Transport for Jernbaneverket

*\* FBVO §3 pkt. 3.3i*

Forvaltninga kan gje løyve til naudsynt bruk av motorferdsle i samband med oppsetjing og vedlikehald av snøskjermar som Jernbaneverket har i området rundt Finse.

#### Transport for energi- og kraftforsyning

*\* FBVO §3 pkt. 3.3a*

Motorferdsle i samband med naudsynt istandsetjing av energi- og kraftanlegg ved akutt utfall krev ikkje løyve, men det skal sendas melding til forvaltningsstyresmakta i ettertid.

Forvaltninga vil etter søknad gje løyve til motorisert ferdsle for transport i samband med drift og vedlikehald av eksisterande kraftanlegg, og det blir gjeve løyve til motorferdsle i samband med fornying eller oppgradering av kraftliner, der slike tiltak har fått løyve.

Søknaden skal gjere greie for formålet med og dokumentere behovet for den aktuelle transporten. Det skal leggast vekt på å velje mest mogleg skånsame transportformer og å minimere transportbehovet. Søknaden skal innehalde vurderingar av ulike aktuelle transportmåtar og ha grunngeving for dei val som er gjort.

#### Anna motorferdsle

I særskilde tilfelle kan det gjevast løyve etter naturmangfaldlova § 48 for køyring i samband med reportasjar eller nyhetssaker der formålet er opplysning og informasjon om verneområda og deira verdi.

Det vil og gjevast løyve for lågtflyging under 300 m i samband med telling av villrein.

### **Generelt om søknad og løyve**

Det kan søkjast om løyve til naudsynt køyring i samband med eitt eller fleire konkrete formål, og slike løyve kan gjevast for inntil fem år i gongen. Løyva kan og vere avgrensa til kortare tid i fall det gjeld transport i samband med konkrete, tidsavgrensa behov. Aktivitetar som til dømes vedtransport, frakt av utstyr til hytter, utkøyring av saltstein, kvisting og merking av skiløyper, snømålingar, og køyring i samband med fiskekultivering vil normalt få løyve for fleire år.



*Hallingskarvprofilen er eit landemerke som kan sjåast over lange avstandar.*

*Foto Morten Vabe*

Nye aktivitetar som ikkje er så godt kjent vil normalt få eit års løyve for utprøving, og høve til å søkje om utvida løyve når det er gjort ei vurdering av aktiviteten.

Løyver kan søkjast av og gjevast til ein-skildpersonar. Lag og organisasjonar kan søkje for eigen verksemd, og for transport som medlemmer står for kvar for seg, t.d. slik at Hol sankestyre søkjer løyve for sine medlemmer til å køyre salt ut til salteplassane. Dei som driv leigekøyring kan søkje for sine oppdragsgjevarar.

Søknad om køyreløyve må gjere greie for:

- Formålet med transporten
- Kva som skal transporterast
- Kva omfang transporten har (kor mange turar det er behov for)
- Kva tid transporten er planlagt
- Kven som skal stå for transporten
- Registreringsnummer på motorkøyrety
- Kva utstyr som skal nyttast (snøskuter, beltevogn, helikopter).
- Køyretraseen skal avmerkast på kart som leggjast ved søknaden. I tilfelle kor det er alternative traseer som nyttast avhengig av køyretilhøva, skal alle traseene merkast på kart.

Fylkesmannen har utarbeida eit eige søknadsskjema som ligg ute på våre nettsider i skjemabiblioteket. Dette finn du på [www.fmbu.no](http://www.fmbu.no) under fanen *Skjema*. Skjema heiter *Søknad om motorferdsel for Hallingskarvet* og ligg under Miljøvern. Ein kan og få søknadsskjema ved å ta kontakt med Fylkesmannen i Buskerud.

Søknad må sendas forvaltninga i god tid før køyringa skal finne stad, minimum seks veker før ein skal ut å køyre. Ein må rekne

med ei sakshandsamingstid på ein måned for slike søknader.

Løyva vil bli avgrensa til eit bestemt tal turar pr. sesong eller pr. løyveperiode utifrå stadfesta behov, og forvaltninga vil leggje vekt på høvet til samordning med anna transport. Forvaltninga vil i hovudregel ikkje gje løyve til meir enn fem turar med snøskuter gjennom ein sesong for formåla som er nemnde i føresegna. Eit unntak er motorferdsle i samband med kvisting av skiløyper. 30. april er siste dato for køyring med snøskuter/beltevogn i verneområda, og det skal vere heilt særskilde tilfelle dersom løyve gjevast ut over denne fristen.

Ein tur definerast som transport frå a til b, eller ei runde med fleire stopp, og gjeld ikkje berre kryssing av vernegrensa. Ein kan ikkje køyre inn i verneområda, og så køyre så mange turar ein vil innanfor grensa, og så køyre ut igjen, og rekne dette som ein tur.

Forvaltninga har høve til å setje bestemte vilkår for eit løyve, til dømes om transportutstyr, tidspunkt for transport og eventuelt samordning med anna transport.

Det er vidare krav om at det blir ført køyreskjema, og om etterfylgjande rapportering til forvaltningsstyresmakta. Vedlegg 9 syner eit slikt køyreskjema. Skjemaet skal innehalde dato for køyring, antall personar med på transporten, strekning, formål/oppdragsgjevar og km som er køyrt. For at politi og oppsyn skal kunne kontrollere skjema, er det vilkår om at brukar kvitterer på køyreskjema før tur og retur.

Etter kvar sesong pliktar løyvehavar å sende forvaltninga ferdig utfylt køyreskjema. Frist for tilbakemelding av køyreskjema er 1. juni for motorferdsle på vinterføre og 1. desember for motorferdsle i sommarhalvåret. Manglande tilbakemelding kan føre til at det ikkje blir gjeve løyve neste gong. Vesentlege avvik i høve til søknaden skal grunnjevast. I fall det må leggjast til grunn at avvika vil gjelde for fleire år av ein løyveperiode, kan forvaltninga påleggje sækjar å sækje om nytt løyve.

Den som driv mykje motorisert transport, anten det er direkte heimla i føresegnene eller skjer etter løyve, pliktar å sjå til at transporten blir avgrensa til det som er naudsynt.

Ved all motorferdsle skal det takast særskilde omsyn til villrein. Om det er villrein i eller i nærleiken av køyretraséen skal ein, så langt det er mogleg, velje ein annan trasé. Dei som driv motorferdsle i verneområda skal halde kontakt med oppsynet

(SNO) og rette seg etter dei råd oppsynet gjev i samband med villrein.

Den som driv motorferdsle skal så langt det er mogleg ikkje køyre på helgedagar og heilagdaggar, av omsyn til andre folk i fjellet.

Løyve til motorferdsle etter verneføresegnene avløyser ikkje krav om løyve frå grunneigarar og dei berørte kommunane etter motorferdslelova. Kommunen kan i sine løyve setje vilkår om bruk av leigekøyring. Om transporten det sækjast om går over fleire fylker og kommunar, skal det sendas søknad til kvar fylkesmann og kvar kommune.

### Aktuelle tiltak

Forvaltninga fører oversyn over transportomfanget og utviklinga i motorferdsle. Forvaltninga og SNO skal ha ein god dialog med dei som driv motorferdsle.



*Neslesommerfugl på fjellsmelle. Foto Trond Aalstad*

### 3.6 Bygningar og andre anlegg

I Hallingskarvet nasjonalpark er det registrert 43 bygningar. Det er mindre og enklare steinbuer, jakt- og fiskehytter, hytter/stølshus, uthus og naust/båthus. Ingen av bygningane har vegsamband. Innanfor Finse biotopvernområde er det ingen bygningar. Det finst mange kulturminne innanfor verneområda. I vedlegg 10 og 11 er det ei oversikt over bygningane i verneområda, og kart over desse.

#### Mål og utfordringar

Det er eit mål å sikre verdifulle kulturminne i nasjonalparken og biotopvernområdet, jf § 2 i føresegnene. Dagens bygningar og gamle kulturminne viser historisk bruk av områda, og det er eit mål at desse skal bli bevart for å gje besøkjande eit innsyn i bruken av verneområda. Det er og eit mål at bygningane skal kunne nyttast til næring.

Føresegnene byggjer på situasjonen i området på vernetidspunktet og legg til grunn at bygningsmassen og bruken av den kan sameinast med verneformålet. Eksisterande bygningar kan dimed nyttast for framtida på same måte som i dag.

Det er ei utfordring å syte for at bruken av bygningane ikkje fører til auka behov for motorferdsle.

#### Retningslinjer

Vernet i nasjonalparken og biotopvernområdet skal vere strengt. Føresegnene har derfor eit generelt forbod mot alle slags inngrep, jf. føresegnene § 3 pkt. 1.1. Oppføring av bygningar er som hovudregel ikkje tillate, men i heilt særskilde tilfelle kan forvaltninga vurdere løyve med heimel i naturmangfaldlova § 48. Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve, med vekt på stadfesta behov og verknad på verneverdiane.



*Hytter opp mot Skarvet ved Ustaoset.  
Foto Ida Jarnæs*

Endringar på ein bygning kan endre bruken og bruksomfanget, og dette kan ha konsekvensar som må vurderast i høve til verneverdiane.

Vanleg vedlikehald av bygningane er tillate, men det er krav om løyve for oppattbygging etter brann og for ombyggingar og mindre tilbygg. Det er krav om løyve for bruksendring, der utgangspunktet er at bruksendringa ikkje må føre til auka behov for motorferdsle i samband med bruk av bygningen. Spesielle omsyn må takast når det gjeld bygningar som er freda, verneverdige eller har kulturhistorisk verdi.

Løyveplikta gjev forvaltninga høve til å vurdere og klarleggje aktuelle tiltak i høve til føresegnene, og gjer det mogleg å setje vilkår for å sikre at naudsynte tiltak kan utførast med minst mogleg ulempe for verneverdiane.

#### Vedlikehald av bygningar og anlegg

*\* HNP §3 pkt. 1.2a, FBVO § 3 pkt. 1.2d*

Vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg krev ikkje særskild løyve. Med vedlikehald er meint tiltak som ikkje medfører endring av størrelse eller fasade. Utsifting av kledning, tak, dører, vindaug etc. til nytt, av same type og dimensjon, er å rekne som vedlikehald. Betre isolering fell innanfor definisjonen av vedlikehald.



*Ei restaurert bu i Raggsteindalen.  
Foto Hans Lennart Lindkjølen*

I nasjonalparken kan forvaltninga gje løyve til uttak av torv og/eller stein til vedlikehaldsarbeid på bygningar, (jf. HNP §3 pkt. 1.3 g). Staden kor uttaket skal skje skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.

Oppattbygging etter brann eller naturskade og etter riving grunna alder og slitasje  
\* HNP §3 pkt. 1.3a og b

Slik oppattbygging krev løyve, som til vanleg vil vere kurant å få, dersom det gjeld oppattbygging av identisk bygning på same tomt. Utvida storleik, vesentleg endring av utsjånad eller vesentleg bruksendring vil normalt ikkje få løyve.

I særskilde høve, og i samråd med søkjar, kan endra plassering og/eller utforming av bygningen vurderast dersom omsynet til verneverdiane tilseier det.

Ombygging av og tilbygg til bygningar  
\* HNP §3 pkt. 1.3c

Vedlikehald som endrar bygningens karakter skal vurderast som ombygging. Dette gjeld tiltak som fører til at materialar og/eller dimensjonar for ytterpanel, dører og vindauge, pipelaup og taktekking blir endra. Likeeins er det ombygging i fall det i samband med vedlikehaldet blir gjort synlege konstruksjonsmessige endringar, som til dømes endra takvinkel.

Forvaltninga kan gje løyve til ombygging og til mindre tilbygg. Som mindre tilenn naudsynt. Tidlegare ubehandla kledning skal ikkje målast eller beisast.

bygg/uthus reknast bygg som utgjer inntil 30 % av grunnflate på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m<sup>2</sup>. Tilbygg som definerast som uthus skal ikkje isole- rast.

Siktemålet med regelen er å gje høve til tilbygg som er naudsynt til oppbevaring av utstyr og liknande etter bygningens noverande bruksformål og bruksomfang. Det kan vidare påreknes å få løyve til om- og påbygging som er naudsynt for å få ordna sanitærtilhøve, men det blir ikkje gjeve løyve til å leggje inn vatn med utslepp av gråvatn.

Restaurering av steinbuer og gjenreising på gamle tufter/murar

\* HNP §3 pkt. 4.2

Forvaltninga kan gje løyve til restaurering av kulturminne som til dømes steinbuer og andre bygningar med verdi som kulturminne. Restaurering er å setje i stand eit objekt, slik at eit minimum av skada material blir skifta ut med material av tilsvarende opphavleg kvalitet og handverksmessig utføring.

Restaurering av steinbu krev at det står attende tilstrekkelege murar eller at det finnst anna dokumentasjon av høgde og takvinklar, slik at det kan gjerast ei fagleg forsvarleg tilbakeføring av bygningen.

Det blir elles lagt stor vekt på kulturminnestyresmaktene si vurdering av om eit kulturminne kan og bør restaurerast, og korleis restaurering bør skje.

Særleg om freda bygningar, verneverdige bygningar og bygningar med kulturhistorisk verdi

For tiltak som nemnt over, skal det takast særleg omsyn i fall det gjeld ein freda, verneverdig eller kulturhistorisk verdifull bygning. Ved alle tiltak kan det bli sett krav til utføring og val av material, og det skal ikkje skiftast ut meir skada material

Her blir det og lagt stor vekt på kulturminnestyresmaktene si vurdering av om, og eventuelt korleis eit tiltak skal gjerast.

## Generelt om søknad og løyve

Søknader om byggjeløyve må ha dokumenterte opplysningar om behov og bruksformål, til dømes med driftsplan eller liknande. Bruksformålet må vere i tråd med aktuelle bruksformål innanfor verneområda. Det vil vurderast likt om eigar sjølv står for bruken eller han leiger bort bruksretten/-ane. Ved handsaming av søknader blir det lagt vekt på om tiltaket fører til auka kapasitet for overnatting, auka ferdsle eller endra bruk av eksisterande bygning. Vidare skal det leggjast vekt på at det blir vald løysingar som gjev minst mogleg transport, og det kan stillast nærare vilkår om transport av byggjematerialar.

All byggjeverksemd skal resultere i gode løysingar for plassering i landskapet, vere i samsvar med lokal byggjeskikk og med eksisterande bygningsmiljø. Utforming og plassering skal skje i samråd med kommunale bygningsstyresmakter og alle søknader skal leggjast fram for kulturvernstyresmaktene og aktuell villreinnemnd.

Løyve etter føresegnene gjer inga endring i krav om løyve i høve til anna regelverk.

Ved søknad om byggjeløyve bør ein fyrst ta kontakt med forvaltninga for å drøfte tiltaket. Så sendast søknaden til kommunen på vanleg vis, men søknaden må ha med dei opplysningane som er naudsynte for vurderinga i høve til føresegnene. Kommunen kontaktar forvaltninga for avklaring av søknaden i høve til verneforskrifta, hentar inn uttale frå kulturminnestyresmaktene, og handsamar sidan søknaden etter plan- og bygningslova i fall den er godkjent etter føresegnene.



*Bukkehallin. Foto Aurland naturverkstad*

## Aktuelle tiltak

Det skal lagast ei kulturminneplan for verneområda. Planen skal leggje fram forslag til korleis kulturminna kan gjerast synlege for dei som ferdast i fjellet og om nokre av kulturminna treng restaurering.

Fylkesmennene ønskjer at det skal gjerast ein betre koordinatfesting av alle bygningar innanfor verneområda. Vi vil be om at SNO gjer ei slik registrering.

## 3.7 Kraftanlegg og andre tekniske inngrep

Av vassdraga innanfor verneområda er berre Sandalsvatn, nord for Finse, regulert. Dette er ei lita regulering, ca 50 cm høgde, og utløpet av vatnet har ei demning og lukehus. Dette er ein del av Finse Vannverk som er eigd av Finse Vann og Avløp AS. Demninga vart sprengt for nokre år sidan på grunn av problemer ved vasstilførselen. Det skal lagast ny demning og lukehus på staden. Området skal samstundes ryddast. Forvaltningsstyresmakta gav løyve til tiltaket i februar 2008. Sjølv dammen og rørgata ligg like utanfor verneområda, nærare Finse. Mesteparten av nedslagsfeltet ligg innanfor nasjonalparken og av omsyn til drikkevatt er det restriksjonar på telting i dette området. Det vert sett ut informasjonsskilt om restriksjonane kvart år.





*Vargebreområdet til venstre har ein markert avslutning mot Store Vargevatn.*

*Foto Aurland naturverkstad*

Nasjonalparken grensar mot Strandavatnet og Store Vargevatn, som begge er regulerte vatn.

Det går ei kraftline mellom Hol og Ulvik, som kjem inn i biotopvernområdet ved Finse.

Under Skarverennet blir det satt opp master for mobiltelefon.

Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde ligg like nord for Bergensbanen, og grensa for verneområda går nokre stader nær banen. Delar av biotopvernområdet ligg oppå tunneltaket til Finsetunnelen. Snøskjermar ligg langs jernbanelinja ved Finse, og eit alpinanlegg ligg like inntil biotopverngrensa.

## Retningslinjer

### Oppsetjing av mellombelse master

*\* HNP §3 pkt 1.3j, FBVO §3 pkt. 1.3e*

Bygging av master og liknande faste anlegg for telekommunikasjon vil vurderast som inngrep som er i strid med føresegnene, og det er ikkje tillate med slike tiltak. Forvaltninga kan gje dispensasjon til oppsetjing av mellombelse master for tryggleiksamband under gjennomføringa av Skarverennet og Lordemarsjen. Eit slikt løyve gjeld berre oppsetjing av master til dei enkelte renna, og mastene skal ikkje stå ute heile året.

### Mini- og mikrokraftverk

Aktuelle tiltak kan vere vindmøller eller mini- og mikrokraftverk. Dette vil bety inngrep som ikkje kan sameinast med verneformålet og slike anlegg er difor ikkje tillate.

### Naudsynte erosjonssikringstiltak

*\* HNP §3 pkt. 1.3h*

Forvaltninga kan gje løyve til naudsynte erosjonssikringstiltak i strandsona langs Strandavatnet og Store Vargevatn.

## Særskild for Finse biotopvernområde

### Drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg

*\* FBVO §3 pkt. 1.2f*

Drift og vedlikehald av eksisterande anlegg er generelt tillate. Vedlikehald omfattar mellom anna utskifting av komponentar knytt til kraftleidningar (liner, isolatorar, master, traverser med vidare) i samsvar med anlegget sine tillatne eigenskapar i tilhøve til konsesjon etter energilova. Denne regelen omfattar normalt ikkje montering av master med anna utforming enn eksisterande anlegg. Ved utskifting av master eller andre komponentar skal ein nytte slike som er mest mogleg ens med det eksisterande, med mindre byte til andre typar vil redusere anlegget sin verknad på verneverdiane, utan urimelege kostnadar eller ulemper for eigar av anlegget, jf. energiforskrifta § 3-4.

Motorferdsle i samband med drift og vedlikehald krev særskild løyve frå forvaltninga. Sjå kapittel 3.5

### Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall

*\* FBVO §3 pkt. 1.2g*

Ved akutte feil på energi- og kraftanlegga er det generelt tillate for tiltakshavar å gje naudsynte reparasjonar av installasjonane. I slike tilfelle vil det ikkje vere tid til å få løyve til motorferdsle, men ein føreset at slik motorferdsle skjer mest mogleg skånsamt. Snarast mogleg i ettertid skal køyringa meldast til forvaltninga.

Oppgradering eller fornying av kraftliner for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt

\* FBVO §3 pkt. 1.2h

Denne regelen dekkjer tilfelle kor det først opp andre typar master, større master eller kor det blir hengd opp nye liner med vidare, som endrar anlegget sine eigenskapar i høve til kva det er gjeve konsesjon til å etablere. Slike tiltak er generelt tillate så lenge det ikkje er skadeleg for verneformålet. Eksempel på tiltak kan vere endring av driftspenning eller linetjukkuleik. Oppgradering som fører med seg større eller endra master kan og omfattas i fall det ikkje kjem i konflikt med verneformålet. Forvaltninga skal kontaktast forut for slike tiltak.

Oppgradering eller fornying av kraftliner som ikkje fell inn under punkt 1.2 h

\* FBVO §3 pkt. 1.3f

Slike inngrep krev særskild løyve frå forvaltninga. Under denne regelen kjem tilfelle kor dei fysiske endringane er så vesentlege at dei kjem i strid med verneformålet. Her må ein vurdera tiltaket sin samfunnsmessige verdi i høve til omsynet til verneformålet, i kvart enkelt tilfelle.

Slike dispensasjonar vil under normale omstende kunne gjevast. Ein skal normalt akseptere oppretthalding av luftleidning i det same området. Ved vurdering skal det leggjast vekt på tiltakshavar sine plikter etter energilova, til å sørgje for å halde anlegget i driftssikker stand etter krava.

Framføring av nye kraftliner

\* FBVO §3 pkt. 1.3g

Nye kraftliner krev særskild løyve etter vurdering av ein konkret søknad.

Oppsetjing av snøskjermar for Jernbaneverket

\* FBVO §3 pkt. 1.3h

Forvaltninga kan gje løyve til å setje opp nye snøskjermar i området ved Finse.



*Kraftlina som følgjer riksveg 50 går rett på utsida av nasjonalparken. Her ved Vierbotnvatni. Foto Trine Nordli*

### 3.8 Reiseliv

Det er eit politisk mål at den turistmessige bruken av fjellområda i Noreg skal auke. Dette kjem fram i St.prp. nr 65 (2002-2003) også kalla "Fjellteksten", kor Stortinget behandla spørsmålet om berekraftig bruk av fjellområda og bruk, vern og verdiskaping. Der står det blant anna at:

*Regjeringen mener at det er potensiale for mer turistmessig bruk av våre verneområder, og vil åpne for økt miljøtilpasset turismevirksomhet som ikke kommer i konflikt med verneformålet i nasjonalparkene. Tilrettelegging skal skje på naturens premisser, men med forvaltningstiltak som samtidig åpner for flerbruk.*

*Tiltak innenfor nasjonalparker og landskapsvernområder i forbindelse med turisme skal selvsagt vurderes på samme måte, enten tiltaket er av kommersiell eller ikke-kommersiell karakter. Det er tiltakets innvirkning i forhold til verneformålet som skal være avgjørende, ikke om tiltaket har næringsmessig betydning.*

Reiselivet i Hallingskarvregionen har lange tradisjonar, og regionen tek imot mange besøkjande både i vinter- og sommarseongen. Ein stor del av dei besøkjande er utanlandske turistar. Området har gode jernbane- og vegsamband og kan by på



*Prestholtseter ligg flott til ved dei flate myrdraga under Prestholtskarvet. Her er det kafé og stølsdrift. Foto Aurland naturverkstad*

nærleik til fjellet og fleire verneområde, mellom anna Hardangervidda nasjonalpark, Hardangerjøkulen/Skaupsjøen landskapsvernområde og Hallingskarvet nasjonalpark. Regionen har eit godt tilbod av hotell, restaurantar, fjellstuger/pensjonat, campingmoglegheiter og utleigehytter. Regionen har og eit stort tal fritidshytter.

I Ulvik kommune er reiselivsverksemda knytt til Finse, medan det meste av verksemda i Hol kommune er knytt til Ustaoset, Haugastøl, Geilo, Hovet og Sudndalen, med Geilo som det viktigaste og største knutepunktet. Hol kommune er landets femte største reiselivskommune, og reiseliv er den største næringa i kommunen. Næringa er fyrst og fremst knytt til moglegheitene for langrenn og alpint om vinteren og turgåing om sommaren. Det er i dag inga reiselivsverksemd i eller i nærleiken av den delen av nasjonalparken som ligg i Aurland kommune.

Reiselivsverksemda i verneområda er hovudsakleg basert på turmoglegheitene både vinter og sommar, og det er ei betydeleg ferdsle året rundt. Det er inga overnattingsverksemd innanfor vernegrensene, men Klemsbu drives som serveringsverksemd. Hytta har servering for skilaparar i helgar og ferier i vintersesongen. Det ligg fleire overnattings- og serveringsverksemd tett inntil verneområda, som Geiterygghytta, Raggsteindalen høvfjellstue, Prestholtseter, Embretsstølen, Vestrheim

fjellstugu, Finsehytta og Finse 1222. I 2003 vart det registrert 32 overnattingsverksemd i nærområdet (Austre og Vestre Hol og Finse), med omlag 2000 sengeplassar fordelt på rom, leiligheter og utleigehytter. Gjestene på desse verksemdene nyttar seg av Hallingskarvet både gjennom organiserte aktivitetar og ved ferdsle på eiga hand.

Turoperatørar omkring verneområda tilbyr blant anna ulike typar guida fot- og skiturar, hundekøyring, rideturar og kiteskiing, og fleire av desse aktivitetane går føre seg innanfor vernegrensene.

### **Mål og utfordringar**

Det er eit mål at verneområda skal kunne nyttast til turistverksemd slik at fleire kan få oppleve dei store kultur- og naturverdiene som Hallingskarvområdet har å by på.

Det er både eit mål og ei utfordring å få til ei målstyrt forvaltning, som inneber at ein i større grad kan prøve seg fram med omsyn til korleis ulike turistaktivitetar virker inn på biomangfaldet. Utfordringa ligg i at dette føreset ei kontinuerleg overvaking av aktiviteten og verknaden.

Det er ei utfordring å få til ei utvikling av turismen utan at det går ut over verneverdiane. Ei utvikling mot meir miljøtilpassa reiseliv, som legg vekt på å gjere slitasjen og forstyrringa av naturen minst mogleg, vil vere positivt.

Ved ein eventuell auke i bruk av verneområda, kan det bli ei utfordring å unngå konflikhtar mellom dei som driv organiserte aktivitetar og dei som ønskjer seg stille og einsemd.

### **Retningslinjer**

Mange av dei retningslinjene som er omtala under andre kapittel i forvaltningsplanen gjeld og for reiselivsverksemdene, spesielt retningslinjene i kapittelet om friluftsliv. Ved søknader om ny turistverksemd i verneområda i Hallingskarvet vil forvaltninga

vere meir positiv til tiltak og aktivitetar som er reversible, jamfør tiltak som er irreversible. Ein skal i større grad enn tidlegare opne for å prøve ut reversible tiltak og aktivitetar. Det vil vere særskild positivt med naturbasert turistverksemd som tek vare på naturen og kulturen, samstundes som det bidrar til lokal næringsutvikling. Forvaltninga vil ikkje tillate aktivitetar som fører til auka motorferdsle. Turistverksemd som krev inngrep må finne stad utanfor verneområda.

For alle nye aktivitetar vil det vere aktuelt med ei periode med utprøving og følgjande evaluering, før ein kan gje løyve for fleire år.

Utviklinga i reiselivsnæringa tyder på at det vil bli ein auka etterspurnad etter organiserte turopplegg i åra som kjem. Det kan da bli aktuelt med ei form for sertifisering av dei som driv aktivitetar innanfor verneområda. Ei slik sertifisering kan og vere merkevarebygging for reiselivsaktørane.

### **Aktuelle tiltak**

Forvaltninga skal jobbe for å få til eit godt samarbeid med reiselivsnæringa i områda rundt Hallingskarvet. Det vil vere viktig for forvaltninga å halde oversikt over kva for aktivitetar som går føre seg i verneområda.



*Raggsteindalen høvfjellstue ligg på DNT sitt løypenett med samband vestover til Geiteryggen, nordover til lungsdalen og sørover til Haugastøl. Høvfjellstua ligg utanfor vernegrensa, men gjestane nyttar verneområda både vinter og sommar.*

*Foto Trine Nordli*

### 3.9 Forureining, avfall og støy

Forureining, avfall og støy er ikkje eit stort problem i verneområda i Hallingskarvet. Det er ingen verksemdar inne i verneområda som utgjer ein fare når det gjeld forureining.

Sjølv om ferdsla i områda er relativt stor er det i dag lite avfall langs stiger og løyper. Skarverennet er eit arrangement som gjev opphav til ein god del avfall, men oppryddinga er regulert i rammeavtala som fylkesmennene har med arrangørane, og dette takast hand om på ein god måte i dag.

Elles er det noko avfall i verneområda som opphavleg kjem frå tidlegare verksemd. Oslo lysverker har hatt stolpar langs stigen over Sankt Pål, og dei fleste av desse har no falle ned. Dei ligg langs stigen, medan boltar og bardunar stikk opp frå fjellet. Det er noko avfall ved dammen ved Sandalsvatnet som er restar etter det gamle damhuset.

Utstyr som forskinga plasserar ut i verneområda i sine prosjektar ved Finse kan i nokre tilfelle oppfattast som avfall. Forskinga har ei utfordring i å merke utstyret sitt godt, og å rydde opp att når feltarbeidet vert avslutta.

Somme perioder om vinteren er det noko støy frå motorferdsle i verneområda.

#### Mål og utfordringar

Det er eit mål at bruk av verneområda ikkje skal føre til forureining og støy. Det skal vere mogleg å oppleve ein rein natur og ro/stille i Hallingskarvet.

Det er ei utfordring å få rydda opp i gammalt skrot som ingen lengre har noko eigartilhøve til.

### Retningslinjer

#### Forureining

*\*HNP §3 pkt 7.1*

Det er forbod mot forureining i nasjonalparken. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode. Avfall skal takast ut av området. Ein kan i særskilde tilfelle vurdere å gje løyve til stubbebehandling i fall dette er ein eingongsbehandling med eit avgrensa omfang, og forvaltninga vurderer at nytten er større en skadeverknaden.

#### Støy

*\*HNP §3 pkt 7.2*

Det er forbod mot unødig støy i nasjonalparken. Bruk av motordrive modellfly og liknande er ikkje tillate. Naturen sine eigne lydar og stille er ein viktig del av naturmiljøet og for folk si oppleving av naturen. Difor oppmodar fylkesmennene alle som driv motorferdsle til minst mogleg køyring på helge- og heilagdagar.

#### Aktuelle tiltak

Det er kome inn førespurnad om forvaltninga kan setje opp toalett og søppelstativ ved parkeringsplassen i Budalen. Dette er ein viktig innfallsport til nasjonalparken, og det er i dag ingen tilrettelegging her. Fylkesmennene har fått i stand avtale med Vestreim fjellstugu, som i 2009 bygde nytt sanitæranlegg knytta til fjellstugua. Vi har vore med å finansiert dette, slik at dette no kan nyttast av besøkjande i nasjonalparken. Vestreim står for den daglege drifta av anlegget.

Fylkesmennene må kome i kontakt med dei som har liggjande att rester etter gammal verksemd, og få dei til å ta del i oppryddingsarbeidet. Ved nye tiltak er det særleg viktig å leggje inn vilkår om opprydding.

## 4. Forvaltning og oppsyn

### 4.1 Forvaltning

DN har fastsett at fylkesmennene i Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane skal vere forvaltningsmynde for dei to verneområda i sine respektive fylker.

Forvaltningsstyresmaktene skal bruke logo for Hallingskarvet nasjonalpark på alle offisielle dokument, publikasjonar og kunningeringar som vedkjem verneområda. Nærare retningsliner for bruk av logo går fram av *DN-rapport 1996-3, kap. 9.2.*

Fylkesmennene anbefaler at det blir oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga av verneområda. I eit slikt utval bør det sitje representantar frå:

- Fylkesmannen
- Kommunane
- Grunneigarane
- Naturvernorganisasjonane
- DNT
- Villreininteressane
- Reiselivsnæringa
- Fjellstyra
- Jakt- og fiskeinteressane

Eit slikt utval vil ikkje ha formell mynde etter verneforskrifta, men utvalet skal hjelpe fylkesmennene med forvaltninga. Dei skal gje råd i viktige saker som vedkjem forvaltninga av verneområda og drøfte prinsipielle saker. Eit slikt utval skal ha ein

viktig rolle som møteplass mellom brukarinteressane og myndigheitsutøvarane. Fylkesmennene kan be utvalet om uttale i saker, og utvalet kan sjølv ta opp saker med fylkesmennene. Ein av oppgåvene til rådet bør vere å gå gjennom årsmeldinga for verneområda.

Fylkesmannen i Buskerud skal ta ansvar for oppretting og drift av det rådgjevande utvalet. Fylkesmannen vil ha ein sekretærrolle i utvalet, med møteplikt og talerett, men ikkje stemmerett. Det skal vere møte ein gong om året.

### 4.2 Oppsyn

Det er fleire aktørar som driv naturoppsyn i verneområda i Hallingskarvet; Statens naturoppsyn, Hol fjelloppsyn, Hardangervidda Fjelloppsyn, Aurland fjelloppsyn og politiet.

Statens naturoppsyn (SNO) vart oppretta med heimel i Lov om naturoppsyn av 21.6.1996, som eit bidrag til å nå nasjonale miljømål. Lov om statleg naturoppsyn heimlar eit heilskapleg naturoppsyn innanfor følgjande særlovar; naturmangfaldlova, friluftsløva, viltlova, lakse- og innlandsfiske-lova, motorferdslelova, kulturminnelova og delar av forureiningslova. SNO har avgrensa politimynde.

SNO sine viktigaste oppgåver er:

- å ta hand om nasjonale miljøoppgåver
- kontroll i høve til lovar, føresegnar og anna regelverk
- å førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtseloppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon

Dei fyrste åra har hovudansvaret for oppsynet i vernområda vore lagt til SNO Eidfjord. SNO har drive noko oppsyn sjølv, og har i tillegg kjøpt tenester frå fjelloppsynet og lokale ressurspersonar. I 2009 vart det oppretta ei eiga SNO stilling knytt til Hallingskarvet, med kontor plass på Geilo.

Fjelloppsynet er oppretta med heimel i Fjelleva. Fjelloppsynet driv offentligrettsleg og privatrettsleg oppsyn med statsallmenningane. Arbeidsoppgåvene til fjelloppsynet er mellom anna å gje informasjon, utføra tilrettelegging, skjøtsel og naturovervaking/registrering og i tillegg utføre kontrolloppgåver. Fjelloppsyna skal prioritera førebyggjande verksemd.

Fjelloppsynet sine viktigaste oppgåver er:

- å følgje opp reglar gjeve i medhald av fjellova og gjere naudsynt sakshandsaming for fjellstyret
- å føre tilsyn med statsallmenningen for staten som grunneigar etter nærare prioriteringar gjeve av Statskog SF. Fjelloppsynet kan få mynde til å representere grunneigar.

Den spesielle utfordringa for oppsynet i Hallingskarvområdet er nærleiken til store turistdestinasjonar og kort veg inn i verneområda. Det er stor trafikk og eit aktivt friluftsliv, og dette vil innebere at oppsynet må vere aktivt med mellom anna informasjon. Av særskilde naturverdiar som må følgjast opp er villrein, fjellrev og rovfuglforrekomstane.

Hovudutfordringane for oppsynet i Hallingskarvet vil vere:

- å gje informasjon og rettleiing til brukarar og besøkande

- å kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneføresegnene og anna lov- og regelverk
- å gjennomføre skjøtsel og tilrettelegging for bruk av nasjonalparken og biotopvernområdet
- å halde oversyn over utviklingstendensar i bruken av områda
- å halde oversyn/oppsyn med status over natur- og kulturverdiane i området, med særleg vekt på sårbare og trua arter
- å føre tilsyn og utføre eventuelt vedlikehald på statleg eigedom, som til dømes informasjons- og oppmerkmingsmateriell

#### Informasjon og rettleiing

Informasjon om verneområda skal skje etter ein heilskapleg planlegging. SNO vil kunne hjelpe forvaltningsstyresmaktene mellom anna med informasjonsarbeide og ved produksjon av informasjonsmateriell, skilting, merking med vidare. SNO skal spele ei aktiv rolle i høve til rettleiing og informasjon til brukargrupper, og vere synlege på ein positiv måte i felten.

#### Skjøtsel og tilrettelegging

Det er naturleg at oppsynet leiar eit eventuelt skjøtelsarbeid. Det kan både vere reparasjon av skade i naturen og arbeid for å oppretthalde ein naturtilstand. Planlegging og gjennomføring av slike tiltak må skje i samsvar med forvaltningsplanen og i nært samarbeid mellom forvaltningsstyresmaktene, SNO, grunneigarar, andre rettshavarar og brukarar.

Det bør utarbeidast ein plan for kor og korleis tilrettelegging skal skje. Når det gjeld kvisting av skiløyper og merking av turstigar er det oppsynet sin rolle å kontrollere at dette er i tråd med gjeldande retningslinjer.

### Overvaking av naturmiljø, kulturminner o.l.

Ei forsvarleg forvaltning av verneområda og verneverdiane føreset ei overvaking av naturmiljø og kulturminne. Det kan vere overvaking av plantelokalitetar, kulturminne, villrein, fjellrev og rovfugl. Det vil og vere viktig å følgje med på den generelle utviklinga i området. Oppsynet bør delta i å planleggje og gjennomføre eit program for registrering og overvaking av naturmiljø og kulturminne i verneområda.

### **Samarbeid om forvaltning av verneområda**

Hallingskarvet blir forvalta av fleire instansar i tillegg til vernestyresmaktene. Grunneigarar og fjellstyra eig og disponerer verneområda med verneverdiane. Kommunar og andre offentlege styresmakter har forvaltningsoppgåver med heimel i anna lovverk innanfor verneområda, og gjer vedtak som har betydning for forvaltninga av desse områda. Turistforeiningar, jeger- og fiskeforeiningar, grunneigarlag og andre grupper er ofte dei som står for det praktiske forvaltningsarbeidet i felt, som kvisting og merking av løyper og stigar, og kalking og utsetting av fisk.

### Ulike aktørar i forvalninga av verneområda på Hallingskarvet

#### *Grunneigarar og andre rettshavarar:*

- Private grunneigarar og sameige har einerett til jakt, fiske, beite og råderett over eigedommen og eventuelle kulturminne. Dei har rett til å nekte aktivitet som motorferdsle og merking/kvisting av stigar/løyper. Mange av grunneigarane er organiserte i grunneigarlag rundt Hallingskarvet.
- Fjellstyra har forvaltningsstyresmakt etter fjellova, mellom anna når det gjeld bruksrettar knytt til jakt og fiske, samt landbrukstilknytte rettार i statsallmenningen. I Hallingskarvet operer tre fjellstyre, Hol fjellstyre, Ulvik fjellstyre og Aurland fjellstyre.
- Villreinutvalet for Nordfjella og Fjellheimen er rettshavarane sitt organ for

den daglege driften av villreinområdet som Hallingskarvet er ein del av

- Statskog SF utøver grunneigaransvaret for all statsgunn
- Eigarrar av private hytter og buer, Klemsbu, kraftleidningar og damanlegg har eigarinteresser i høve til desse objekta

#### *Offentlege forvaltningsstyresmakter:*

- Kommunane har mynde i verneområda etter naturmangfaldlova, viltlova, innlandsfiskelova, plan- og bygningslova, friluftsløva, forureiningslova, landbrukslovgjeving med fleire. Dei er og ansvarleg for det kommunale stig- og løypenettet inne i verneområda.
- Fylkeskommunane har mynde etter plan- og bygningslova og kulturminnelova
- Fylkesmennene har i tillegg til verneforskrifta også forvaltningsoppgåver knytt til plan- og bygningslova, viltlova, friluftsløva, forureiningslova, innlandsfiskelova, landbrukslovgjeving med fleire.
- Andre offentlege styresmakter med forvaltningsoppgåver i verneområda er mellom anna mattilsynet.
- Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen er eit statleg utval som mellom anna har i oppgåve å bestemme felingskvote for villreinjakta, og dei skal følgje med i utviklinga av leveområda til villreinen

#### *Oppsyn og politi:*

- Statens naturoppsyn er miljøvernstyresmaktene sitt eige oppsynsapparat, og skal sikre nasjonale miljøverdier og førebyggja miljøkriminalitet.
- Fjelloppsyna er grunneigars (Statskog) representant på statsallmenningen og eiges av fjellstyra. Fjelloppsyna driv oppsyn etter fjellova, og gjer og andre feltoppgåver for fjellstyra og for andre mot betaling. I Hallingskarvet er det tre fjelloppsyn som operer i kvar sine område; Hardangervidda fjelloppsyn driv oppsyn i Ulvik statsallmenning, Aurland fjellstyre sitt oppsyn har opp-



syn i Aurland statsallmenning og Hol fjelloppsyn driv oppsyn i Hol statsallmenning.


- Politi og lensmenn er ansvarlege for å handheve sine lovverk innanfor verneområda. Dei kjempar mot miljøkriminalitet, dei leiar redningsaksjonar og ettersøk, og dei driv kontroll av motorferdsle og villreinjakt.

#### *Andre instansar:*

- Den Norske Turistforening (DNT) er ei landsforeining og har to medlemsforeiningar som har aktivitetar i Hallingskarvet; DNT Oslo og Omegn og Bergen Turlag (BT). DNT Oslo og Omegn har det praktiske ansvaret for DNT sitt stig- og løypenett, og dei driv fleire turisthytter som ligg rett utanfor verneområda.
- Forum for natur og friluftsliv (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonene på fylkesnivå. Dei jobber mellom anna for at natur og friluftslivsinteressene vert sikra i aktuelle saker i dei enkelte fylkene.
- Finse 1222 er ein vesentleg aktør innen naturbasert reiseliv på Finse. Dei driv serveringsstedet Klemsbu, og har ansvar for kvisting av Klemsburunden.
- Finse Vann og Avløpsselskap AS driv drikkevannsreservoaret Sandalsvann med tilhørande installasjonar og nedbørsfelt.
- Dei sentrale landbruksorganisasjonane Noregs bondelag, Noregs Bonde- og Småbrukarlag og Noregs skogeigarlag representerer næringsinteressene. Rundt Hallingskarvet er det og fleire lokale og fylkesvise landbruksorganisasjonar, sau- og geitalslag og andre faglag som er interessegrupper i forvaltninga av verneområda.

#### *Leverandørar av kunnskap for forvaltning av verneområda:*

- Vitskaplege institusjonar og forskingsmiljø som universitet og høyskular, Finse forskingsstasjon, og Norsk institutt for naturforskning (NINA) er viktige leverandørar av kunnskap for forvaltning av verneverdiar
- Faglege foreiningar som Norsk Ornitologisk Forening (NOF), Norsk Botanisk Forening (NBF), Norsk Zologisk Forening (NZF), Norsk Entomologisk Forening (NEF) med fleire sit inne med mykje aktuell kunnskap på sine felt
- Enkeltpersonar og lokale foreiningar, til dømes historielag, sitt inne med mykje relevant informasjon



*Frå Strandavatnet mot Folarskardsnuten.*

*Foto Trine Nordli*

## 5. Tiltak og økonomi

I forvaltningsplanen er det peikt på ei rekke viktige tiltak for forvaltninga av verneområda. Dette kapitlet gjev ei prioritering av dei aktuelle tiltaka, og ei beskriving av korleis dei skal finansierast, og kven som har ansvar for at tiltaka vert gjennomført. Fleire av oppgåvene vil det vere Statens naturoppsyn som blir ansvarleg for å følgje opp. Dei fleste oppgåvene krevjer ekstra midler ut over fylkesmennene sitt eiga budsjett. Gjennomføring av dei fleste tiltaka nedanfor vil difør vere heilt avhengig av at vi får dei midla vi har søkt om. Det som ikkje blir gjort eit år vil vidareførast til neste år.

### 1. Brosjyre om villrein og kiting

SNO har teke initiativ til å få utarbeida ein brosjyre om villrein og kiting til bruk i verneområda. Denne brosjyra må ditribuerast til miljøa.

### 2. Vurdering av løypenettet ved Kyrkjedøri

Forvaltninga vil setje i gang ei utredning om villreinen sin bruk av området ved Kyrkjedøri, og påverkninga frå ferdsla i områda, for å vurdere eventuell nedlegging av den sørlegaste parallellen mellom mellom Geiteryggen og Raggsteindalen. Ei slik utredning må kjøpast frå eit fagmiljø, og forvaltninga har engasjert Norsk institutt for naturforskning (NINA) til å gjere dette. Det

vart i 2009 bevilga kr. 150.000 til ei slik utredning, som skal vere klar innan utgangen av 2011.

Samstundes med at NINA gjer ei vurdering av villreinaktivitet i dette området skal SNO gjere ferdslstellingar. Det er søkt om kr. 20.000 til dette i 2010.

### 3. Starte opp rådgjevande utval

Fylkesmannen i Buskerud skal opprette det rådgjevande utvalet for Hallingskarvet i løpet av 2010. Fyrste møtet bør og haldast i løpet av 2010.

### 4. Kartlegge skiseglaktivitet

Vi ser at det er eit behov for nærare kartlegging av den uorganiserte skiseglaktiviteten innanfor verneområda. Ein oversikt over aktivitetsnivået vil gje betre grunnlag for å vurdere om det utgjer ein trugsel for villreinen, og om ein må setja inn særskilde tiltak. Forvaltninga har bedt SNO om å gjere ei slik kartlegging. Ei slik kartlegging vil vere ein del av den normale aktiviteten til SNO og det er ikkje behov for ekstra midler til dette.

## **5. Vere aktiv med informasjon på kitingarrangementer og kurs**

Forvaltninga trur det er mogleg å styre bruken av verneområda på ein positiv måte ved å gje god informasjon til miljøa som driv med kiting/skiseingling. Forvaltninga ønskjer at SNO skal stille opp på kurs og samlinger i kitemiljøa, og gje informasjon om villrein. Dette er ei oppgåve som reknes som ein del av SNO sitt normale arbeid, og det er ikkje behov for ekstra midler til dette.

## **6. Informasjonsplakatar**

Informasjonsplakatar er ikkje satt ut på alle stader i samsvar med lista i forvaltningsplanen. Desse må settast ut i løpet av 2010. Det er SNO som har ansvar for denne oppgåva..

## **7. Bidra til omlegging om stigen ved Omnsvatnet**

Stigane som går parallelt frå Omnsvatnet mot Geiterygghytta skal førast saman til ein stig på austsida av vassdraget. Det krevjast ei bru over utløpet ved Omnsvatnet. DNT står ansvarleg for omlegginga, og vil ta dette som ein dugnad. Fylkesmannen vil bidra med midler til brua, og har søkt om 200.000 kr frå DN/SNO til dette i 2009.

## **8. Utarbeide kulturminneplan**

Arbeidet med ein kulturminneplan starta opp i 2007, og det er historielaget i Hol som har fått denne oppgåva. Dei

har fått 50.000 kr for å jobbe med planen. Det vil vere behov for ytterligare midlar til å setje i stand utvalgte kulturminne, til informasjon og merking av ei kulturminneløype. Her ser vi for oss eit samarbeid med kulturminneforvaltninga, og håper at dei kan bidra med fagkunnskap og midler.

## **9. Koordinatfeste bygningane i verneområda**

I samband med verneplanprosessen vart bygningane i områda tegna inn på kart. I høyringa på forvaltningsplanen er det kome inn kommentarar på at denne kartfestinga ikkje er heilt oppdatert. Forvaltninga ønskjer difor at SNO skal gjere ei betre kartlegging og registrere UTM koodinatar på alle bygningane. Dette arbeidet er starta opp i 2009, og avsluttast i 2010. Slik aktivitet reknes som ein del av den normale aktiviteten til SNO, og krev ikkje ekstra midler.

## **10. Lage bevaringsmål**

Det skal utarbeidast bevaringsmål for dei raudlista artane og for viktige plantesamfunn/biotopar, og ein plan for forvaltning og overvaking av desse verdiane. I samband med dette vil det vere behov for ein betre kartlegging av artane. Til eit slikt arbeid er det naudsynt å kjøpe inn tenester, og det er behov for eit eige budsjett til kartlegginga. Forvaltninga vil melde inn behov for midler til dette i 2011.

## 6. Litteratur

Den Norske Turistforening, Forbundet KYSTEN, Friluftsrådernes Landsforbund, Merkehandboka – Håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten.

Direktoratet for naturforvaltning. DN-rapport nr 3 – 1996. Forvaltning av nasjonalparker.

Direktoratet for naturforvaltning. Håndbok 27 – 2006. Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv.

Direktoratet for naturforvaltning. Håndbok NR 17 – 2001, revidert 2008. Områdevern og forvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning. Rapport 2003-1. Forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområder.

Dovrefjellrådet 2006. Forvaltningsplan for verneområdene på Dovrefjell.

Finansdepartementet 2002. Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003. St.prp. nr. 65 (2002-2003). s 198 – 216.

Forvaltningsplan Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde – Fylkesmennes tilråding etter høyring 2008.

Fylkesmannen i Buskerud 2004. Verneplan for Hallingskarvet. Hallingskarvet nasjonalpark og Hallingskarvet landskapsvernområde. Konsekvensutredning og verneforslag. Høringsutgave.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen 2004. Verneplan for Hallingskarvet. Konsekvensutredning – Reiseliv.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 2 – 2004. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Geologi.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 4 – 2003. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Villrein.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 5 – 2003. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Kulturminner.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 6 – 2003. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Planteliv.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 7 – 2003. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Dyreliv

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 8 – 2003. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Landskap.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 9 – 2003. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Planer og tekniske inngrep.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen. Rapport nr 10 – 2003. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema: Friluftsliv, landbruk og reiseliv.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland. Rapport nr 2 – 2007.

Hol kommune. Kommunedelplan for stier og løyper 2007 – 2011. Vedatt av Hol kommunestyre 28. juni 2007, sak 48/07.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 1. juli 2009

Lov om friluftslivet av 1. juli 1957.

Lov om naturvern av 19. juni 1970.

Marte Synnøve Lilleeng 2007. Adferdsrespons hos villrein ved direkte provokasjon fra skiløper og kiter: eksperimentelle målinger og stykkevis lineær modellering. Masteroppgave UMB.

Miljøverndepartementet 1991. Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge. St.meld. nr. 62 (1001-92).

Miljøverndepartementet 2001. Friluftsliv – en veg til høgare livskvalitet. St. meld nr 39 (2000 – 2001).

Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss. Veileder. 2005.

NINA Fagrapport 72 - 2003. Bruk og forvaltning av nasjonalparker i fjellet.

NINA Temahefte 27 – 2004. Villrein & Samfunn. En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villrein fjell.

Norges Offentlige Utredninger 1986. Ny landsplan for nasjonalparker. NOU 1986:13

Rapport til Miljøverndepartementet 2006. Handlingsplan for bærekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområder.

Åge Bjørnstad/Terje Halstengård 1998. Klatrefører for Hallingskarvet.

## 7. Vedlegg

- |                |            |  |
|----------------|------------|--|
| <b>Vedlegg</b> | <b>1:</b>  | Verneforskrift Hallingskarvet nasjonalpark                               |
| <b>Vedlegg</b> | <b>2:</b>  | Verneforskrift Finse biotopvernområde                                    |
| <b>Vedlegg</b> | <b>3:</b>  | Kart over verneområda  |
| <b>Vedlegg</b> | <b>4:</b>  | Kart over stier, løyper og område for ridning                            |
| <b>Vedlegg</b> | <b>5:</b>  | Retningslinjer for merking av stier og kvisting og preparering av løyper |
| <b>Vedlegg</b> | <b>6:</b>  | Kart over fiskeutsetting og kalking                                      |
| <b>Vedlegg</b> | <b>7:</b>  | Militær operativ virksomhet  |
| <b>Vedlegg</b> | <b>8:</b>  | Retningslinjer for redningsteneste i verneområde                         |
| <b>Vedlegg</b> | <b>9:</b>  | Kjøreskjema  |
| <b>Vedlegg</b> | <b>10:</b> | Bygningar i verneområda  |
| <b>Vedlegg</b> | <b>11:</b> | Kart over bygningar i verneområda  |
| <b>Vedlegg</b> | <b>12:</b> | Rammeavtale for Skarverennet   |









## Fylkesmannen i Buskerud

Telefon sentralbord: 32 26 66 00

E-post: [postmottak@fmbu.no](mailto:postmottak@fmbu.no)

Besøksadresse:

Statens Hus,  
Grønland 32,  
Drammen

Postadresse:

Postboks 1604,  
3007 Drammen

Internett: [www.fmbu.no](http://www.fmbu.no)

